

Knut Røe

"Dæ æ litt flaut når folk sie e ha lagt om"

Ein sosiolingvistisk studie av talemålsvariasjon
blant oppdalingar i Trondheim

Masteroppgåve i nordisk språkvitskap

Rettleiar: Brit Kirsten Mæhlum

Mai 2021

Knut Røe

"Dæ æ litt flaut når folk sie e ha lagt om"

Ein sosiolingvistisk studie av talemålsvariasjon blant oppdalingar i Trondheim

Masteroppgåve i nordisk språkvitskap
Rettleiar: Brit Kirsten Mæhlum
Mai 2021

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur

Samandrag

Denne masteroppgåva er skriven innafor fagfeltet sosiolingvistikk, med fokus på dialekt, identitet og intraindividuell variasjon hjå oppdalingar i Trondheim. Formålet til oppgåva er å finne ut oppdalingar som flyttar til Trondheim for å studere varierer talemålet sitt i møte med ein trondheimar, i kor stor grad språket deira blir variert, samt kva årsaken til den intraindividuelle variasjonen kan vere.

Det empiriske grunnlaget for oppgåva er kvalitative djupneintervju med to informantar frå Oppdal som har flytta til Trondheim for å studere. Dei vart først intervjuet av ein person frå Trondheim som pratar trondheimsmål, for så å bli intervjuet av ein person frå Oppdal som pratar oppdalsmål. I analysen har eg bruka språklege variablar for å kunne talfeste variasjon mellom desse to intervju, og i oppgåva blir informantane sitt språk samanlikna for å sjå i kor stor grad dei varierer språket sitt mellom dei to situasjonane. Informantane blir og samanlikna med kvarandre for å sjå om det finst likskapstrekk mellom språket til dei to.

Resultatet frå analysen viser ein grad av intraindividuell variasjon mellom dei to situasjonane, og båd språkbrukarane i mitt datamateriale gjer ei språkleg tilpassing til sin samtalepartner i dei aktuelle situasjonane. Samstundes kjem det tydeleg fram i datamaterialet at visse språklege variablar blir modifiserte òg i situasjonen der dei fører ei samtale med ein samtalepartner frå heimstaden Oppdal, noko som kan tyde på at ei kontinuerleg språkleg tilpassing over tid har ført til ei meir varig språkleg endring hjå mine informantar.

Desse funna blir i denne oppgåva knytt opp mot relevant sosiolingvistisk teori, mellom anna den språklege akkommodasjonsteorien og samspelet mellom språk og identitet, for å freiste å kome med ei forklaring på kvifor informantane modifiserer språket sitt i møte med det trondheimske.

Førord

«Ofta minnest eg mi gamle Grend, naar eg framand uti Verdi stend» skreiv Ivar Aasen i diktet *Gamle Grendi* i 1863. Kanskje er dette ein del av forklaringa til at eg valde å skrive om oppdalsdialekta i masteroppgåva mi, heimlengsel etter snart seks år «utabøgdes».

Eg hadde ikkje klart å gjennomføre dette arbeidet utan god hjelp og støtte frå fleire.

Først og fremst skal den største takka rettast til professor Brit Mæhlum, som med stødig hand har rettleia meg gjennom dette arbeidet. Takk for framifrå rettleiing, tolmod, gode samtaler og råd til ein tidvis stressa masterstudent.

Takk til Sanna som var til stor hjelp i innsamlinga av datamaterialet, og takk til informantane mine som stilte opp.

Alle dei gode venane eg har møtt her ved NTNU fortener ein stor hyllest. Takk for djupe samtaler, artige (og mange) festar, uforsvarleg lange pausar og god støtte gjennom fem år på lektorstudiet, eg hadde aldri i livet kome så langt utan dykk.

Takk til alle på lesesal 5440 for synonymhjelp og litt tullprat mellom slaga.

Takk for tolmoda til elevar og tilsette ved 8. trinn på Tonstad skule, som dei siste månedane har tolerert ein lærar og kollega som kanskje har utsett ting litt vel mykje til fordel for masterskriving. Her fortener Jonas ein ekstra hyllest.

Til slutt takk til alle dykk heime for at de har oppmuntra meg og hatt trua på meg gjennom alle desse åra. Å høyre «*du klare da ta å sjø*» har betydd meir enn du trur, mamma. Takk!

Trondheim, mai 2021

Knut Røe

Innhald

1 Introduksjon	1
1.1 <i>Motivasjon</i>	1
1.2 <i>Problemformulering</i>	1
1.3 <i>Kort om oppbygginga av oppgåva</i>	2
2 Oppdal – «så klart»	4
2.1 <i>Språksamfunnet Oppdal</i>	4
2.2 <i>Tidlegare forskning på oppdalsmålet</i>	5
2.3 <i>Språklege kjenneteikn</i>	5
2.3.1 <i>Cirkumflekstonelag</i>	6
2.3.2 <i>Nektingsadverb og pronomer</i>	6
2.3.3 <i>Palatalisering</i>	7
2.3.4 <i>Preposisjonar</i>	7
2.3.5 <i>Dativ</i>	7
2.4 <i>Trondheimsmålet</i>	8
3 Metode	10
3.1 <i>Val av metode</i>	10
3.2 <i>Val av informantar</i>	11
3.3 <i>Val av forskingsassistent</i>	12
3.4 <i>Datainnsamling</i>	12
3.5 <i>Intervjugaid</i>	13
3.6 <i>Transkribering</i>	14
4 Eit teoretisk bakteppe	15
4.1 <i>Språk og identitet</i>	15
4.2 <i>Tilpassingsteorien</i>	15
4.3 <i>Språklege variablar</i>	16
4.4 <i>Regionalisering og standardisering</i>	16
5 Analyser	18
5.1 <i>Analyse av dei språklege variablane</i>	19
5.2 <i>Anne</i>	19
5.2.1 <i>Språket til Anne i trondheimssituasjonen</i>	20
5.2.2 <i>Språket til Anne i oppdalsituasjonen</i>	21
5.2.3 <i>Språket til Anne – samla sett</i>	22
5.2.4 <i>Haldningar til eige språk – Anne</i>	23
5.2.5 <i>Haldning versus handling</i>	24
5.3 <i>Berit</i>	26
5.3.1 <i>Språket til Berit i trondheimssituasjonen</i>	26

5.3.3 <i>Språket til Berit – samla sett</i>	28
5.3.4 <i>Haldningar til eige språk – Berit</i>	29
5.4 <i>Skilnadar og likskaper mellom Anne og Berit</i>	30
5.5 <i>Språkleg tilpassing over tid</i>	32
6 Oppsummering og avrunding	34
Litteratur	37
Vedlegg	40
<i>Vedlegg 1: Informasjonsskriv til informantar</i>	40
<i>Vedlegg 2: Samtykkeerklæring</i>	43
<i>Vedlegg 3: Intervjugaid – trondheimssituasjonen</i>	45
<i>Vedlegg 4: Intervjugaid – oppdalssituasjonen</i>	47
<i>Vedlegg 5: Kart over Oppdal kommune</i>	49
<i>Vedlegg 6: Profesjonsrelevans</i>	51

1 Introduksjon

I denne masteroppgåva skal eg undersøkje talemålet til to studentar som har flytta frå Oppdal til Trondheim. Studien sitt formål er først og fremst å kunne seie noko om informantane sin språklege variasjon mellom ei samtale med ein trondheimar og ei samtale med ein oppdaling. Samstundes skal eg sjå på haldingane deira til eigen heimstad, Trondheim som bustad, trondheimsmålet og deira eiga dialekt oppdalsmålet, i håp om å kunne seie noko om kva som karakteriserer språkbruken til informantane. Eg skal samanlikne informantane sin språkbruk intraindividuell for å finne svar på om det er eit mønster i kva for språklege realiseringar som blir variert hjå den enkelte informant i møte med «det trondheimske».

Teorigrunnlaget eg har bruka i oppgåva er i all hovudsak frå sosiolingvistisk forskning, og her kjem eg mellom anna inn på omgrep som språkleg prestisje, den språklege tilpassingsteorien (*The interpersonal speech accommodation theory*) og samanhengen mellom språk og identitet.

1.1 Motivasjon

I valet av tema til masteroppgåva var min eigen interesse av avgjerande faktor. Eg har alltid sjølv vore fascinert av dei forskjellige dialektene her til lands, og sidan eg sjølv flytta til Trondheim for snart fem år sidan har eg merka ein aukande interesse for fagfeltet. Etter eg byrja på lektorstudiet i nordisk har eg òg fatta ein større interesse for samspelet mellom språk og samfunn, og dialekt og identitet. Eg er sjølv oppdaling, og har fleire gonger fått positivt lada tilbakemeldingar frå folk heimanfrå om at eg pratar «fint oppdaling». Samstundes har eg merka meg at fleire i min omgangskrets frå Oppdal no pratar annleis enn dei gjorde da dei flytta til Trondheim for å studere, og etter fem år i Trondheim har eg sjølv ved enkelte høve merka at eg har kome med språklege realiseringar som slettes ikkje høyrer heime i oppdalsmålet. Dette har vekt min interesse for å gå djupare inn i fenomenet, og gjort meg nysgjerrig på kva som gjer at nokon varierer dialekta si medan andre tilsynelatande ikkje gjer det, og kva for språklege realiseringar som eventuelt blir varierte.

1.2 Problemformulering

Dette masterprosjektet er i all hovudsak deskriptivt, altså har eg ikkje tenkt å gjere meg opp nokre hypotesar på førehand, men i staden skal eg freiste å beskrive kva eg ser i datamaterialet eg har henta inn. Sidan eg sjølv har ein bakgrunn frå Oppdal og ein kunnskap om både bygda og dialekta, er det nærliggjande å tru at det likevel ha vore med på å påverke mine forventingar

til resultatet. Det har difor vore viktig for meg å ikkje gjere meg opp nokre store forventingar om resultat i førekant av innsamlinga av empiri, og dette var særst viktig då eg utforma intervjugaidane (sjå vedlegg 3 & 4). Samstundes er det ikkje til å stikke under stol at eg etter snart fem år på lektorutdanninga i nordisk har opparbeida meg ein viss kunnskap om korleis alle språkbrukarar har eit breitt språkleg repertoar som vi alle vekslar i, og korleis nokre språklege varietear kan seiast å ha høg prestisje og makt medan andre språklege varietetar har mindre eller nærast ingen prestisje og makt. Dette har ligge som eit bakteppe for heile oppgåva, og har hatt mykje å seie for grunnlaget av problemformuleringa mi. Difor har eg hatt ei tanke om at det vil vere ein form for veksling hjå informantane mellom trondheimssituasjonen og oppdalssituasjonen¹, og eg har hatt ei forventing om å kunne sjå likskapar i mi oppgåve som ein har sett i liknande studiar frå andre dialektområde her til lands. Alt dette har gjort at eg i denne oppgåva har valt meg følgjande problemformulering:

Kva for haldningar har studentar frå Oppdal i Trondheim til sin eigen dialektbruk, og korleis blir talemålet deira variert i ei samtale med ein trondheimar og ein oppdaling?

1.3 Kort om oppbygginga av oppgåva

Aller først i oppgåva har eg no presentert motivasjonen for arbeidet og problemformuleringa eg skal freiste å svare på i oppgåva. Deretter følgjer kapittel nummer to, der eg gjer greie for Oppdal som samfunn samstundes som eg går litt djupare inn i dei forskjellige, meir karakteristiske, trekka ved oppdalsmålet. Her presenterer eg òg Trondheim og trondheimsmålet, som er relevant for å sjå kva informantane mine eventuelt konvergerer til eller divergerer frå. Så følgjer eit kapittel der eg gjer greie for sosiolingvistisk forskingsmetode og kva for forskingsmetodar eg har bruka i arbeidet med datainnsamlinga til denne oppgåva. I kapittel fire kjem eg kort med eit teoretisk bakteppe der eg mellom anna gjer greie for den språklege akkommodasjonsteorien, språkleg identitet, og andre sosiolingvistiske teoriar som eg meiner bør ligge som eit viktig bakteppe for å svare på problemformuleringa eg har valt. Så følgjer analysen i kapittel fem, der eg først presenterer informantane, språket deira i dei forskjellige intervjusituasjonane og kva for språkhaldningar dei har. I slutten av kapittel fem samanliknar eg dei to informantane, og ser på kva som kan vere grunnen til at vi ser ein språkleg

¹ «Trondheimssituasjonen» og «oppdalssituasjonen» referer i denne oppgåva til intervjuet som vart gjennomførte der informantane samtalte med ein forskingsassistent frå Trondheim og meg frå Oppdal.

variasjon hjå dei to. Til slutt kjem kapittel seks, der eg oppsummerer oppgåva og freistar å kome med eit svar på problemformuleringa eg har valt.

2 Oppdal – «så klart»

*Oss livvi ti ei gruub imillom fjellom
innstengt godt og varna vel,
mot dæ som strømme te frå allom kantom.*

(Ola Setrom (1916) sitert i Fagerhaug, Haugland & Fjøsne, 1983, s. 55)

Formålet med dette kapittelet er å gje eit overblikk over Oppdal, både geografisk, demografisk og dialektologisk. Eg skal her sjå kort på dei forskjellige og meir karakteristiske trekka ved oppdalsmålet som eg finn relevant for min analyse. Samstundes skal eg presentere den geografiske plasseringa av Oppdal, da det er interessant for analysen sin del å sjå kor mykje kontakt dei to språksamfunna Oppdal og Trondheim har til det daglege. Til slutt i kapittelet skal eg presentere trondheimsmålet, også det for å ha eit bakteppe til analysen seinare i oppgåva. Oppdalsmålet er ei karakteristisk dialekt med mange særtrekk, langt frå alle vil bli presentert her, men dei eg presenterer vil i stor grad bli viktige i analysedelen av oppgåva.

2.1 Språksamfunnet Oppdal

Oppdal kommune er ei bygd heilt sør i Trøndelag fylke med i underkant av 7 000 innbyggjarar². Auna, handels- og administrasjonssentrum i kommunen, ligg der riksveg 70 frå Møre og Romsdal møter E6 som går gjennom bygda (sjå kart vedlegg 5). Godt over halvparten av innbyggjarane i Oppdal bur på eller umedelbar nærleik til Auna, med ca. 4 300 innbyggjarar i 4. kvartal 2020³. Dovrebanen mellom Oslo og Trondheim passerer også her med fleire daglege avgangar i bae retningar, og frå Auna er det ein biltur på litt i overkant av ein og ein halv time inn til Trondheim.

Oppdal grensar til både Oppland og Hedmark, som no er slege saman til Innlandet, og Møre og Romsdal fylke. Sjølv om Oppdal grensar til fleire fylke, og mange fleire dialekter, vil nok enkelte påstå at bygda har hatt lite påverking utanfrå. Bygda ligg relativt isolert til oppe i fjella, med Dovrefjell i sør og Trollheimen i nord, noko som blir godt illustrert av Ola Setrom i diktet øvst i kapittelet. Trass i dette har Oppdal aldri vore eit isolert samfunn, og Haugen

² 6981 innbyggjarar ved utgangen av 4. kvartal 2020, ifølgje Statistisk Sentralbyrå
<https://www.ssb.no/kommunefakta/oppdal>

³ 4370 innbyggjarar i 4. kvartal 2020, ifølgje Statistisk Sentralbyrå
<https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/befteft/aar>

(1982, s. 15) definerer Oppdal for ei gjennomfartsbygda frå nord til sør i landet, samstundes som Fjøsne (2007, s. 21) skriv at det i uminnelege tider har vore trafikk vestover, til og frå Nordmøre, gjennom bygda. Dette har ført til at bygda har hatt kontakt med fleire landsdelar opp gjennom historia, noko som har vore med og forma oppdalsmålet. Hårstad (2006, s. 46) skriv at den geografiske plasseringa til bygda har gjeve oppdalsmålet ei unik blanding av trøndersk basis og trekk frå fleire andre målområde, og at det er fleire trekk i oppdalsmålet som ikkje er å finne andre stader i landet. Her nemner han mellom anna lydovergangen frå norrønt *o* og *y* til *æ* som ganske særlege for oppdalsmålet. Døme på dette fenomenet er til dømes */gæLv/* (nynorsk: golv, norrønt golf).

2.2 Tidlegare forskning på oppdalsmålet

Hårstad (2006, s. 47) skriv at oppdalsmålet er ei av dei best kartlagde dialektene i landet, mykje takka vere Einar Haugen (1982) og Ingeborg Donali (2007) som båe har satt opp nærast komplette grammatikkar og ordlister for dialekta. Samstundes har fleire også sett på forskjellige fenomen i oppdalsmålet, mellom anna Fjøsne (2007) som forska på dativ i oppdalsmålet, Ommeren (2010) som forska på korleis innvandrarar til bygda lærer oppdalsmål, Anshushaug (2015) som forska på samspelet mellom det moderne og det tradisjonelle oppdalsmålet, og Hårstad (2004) som forska på talemålet til ungdom i Oppdal. Ivar Aasen vitja bygda to gonger, i 1845 og i 1856, og han plasserte målet under «Orkedalens og Guldalens Maal» (Haugen, 1982, s. 19-20). Denne gruppa hørte inn under «den Indtrøndske maalgren», og oppdalsmålet har sida vorte rekna som «trøndermål» og som «Sudvest-trønsk» av høvesvis Ross i 1908 og Kolsrud i 1951 (Fjøsne, 2007, s. 21). Det er altså ikkje til å stikke under stol at det finst mykje forskning om oppdalsmålet, men ikkje om dialektbruken og språkhaldningane til utflytta oppdalingar, som er det eg skal sjå på i denne oppgåva.

2.3 Språklege kjenneteikn

Mykje av den tidlegare forskinga på oppdalsmålet vil ikkje bli bruka i denne oppgåva, men det er likevel interessant å sjå at oppdalsmålet er så grundig kartlagt og forska på som det er. Tidlegare i kapittelet skreiv eg at oppdalsmålet har fleire språklege trekk som gjer det unikt i norsk språksamanheng. Mæhlum og Røyneland (2012, s. 81) plasserer oppdalsmålet i det inntrøndske dialektområdet saman med måla i til dømes Røros og Tydal. Det inntrøndske dialektområdet blir kjenneteikna med utjamning, i motsetnad til det uttrøndske kor tiljamning er eit av hovudkjenneteikna. Oppdalsmålet har tradisjonelt sett hatt jamvekt med apokope, noko

som inneber ein *å-å* vokalkombinasjon for infinitivar i til dømes */såvvå/* og */vårrå/* (nynorsk: sove og vere), eller for svake hankjønnsord som i */ståggå/* (stige), og vokalkombinasjonen *u-u* i svake ubestemte hokjønnsord i til dømes */vukku/* (veke). Ved apokope er det dei svake hankjønnsorda som tradisjonelt sett har vorte apokopert, til dømes */oks/* (okse). Hårstad (2006, s. 47) skriv at jamningsformene held seg godt i oppdalsmålet, men der dei forsvinn, blir dei apokoperte, og at dette kan til dømes kome til uttrykk ved at */å kåmmå/* blir til */å kåmm/* (nynorsk: å kome).

2.3.1 Cirkumflekstonelag

Einar Haugen skriv i sin artikkel *Tvetoppet vokal i oppdalsmålet* at oppdalsmålet er den sørlegaste dialekta i Noreg som har cirkumflekstonelag, og at dette kjem som eit resultat av ein tapt vokal (Haugen, 1954, s. 66). Haugen meiner at dette kjem av enten kontraksjon eller apokope, og Donali (2007, s. 30) skriv at cirkumfleks i oppdalsmålet er ein form for kompensatorisk artikulasjon. Cirkumflekstonelaget vil nok av mange seiast å vere eit av dei fremste kjenneteikna for oppdalsmålet, og ein av mine informantar uttalte at «*/åss dræg så på ordal/*» på spørsmål om kva som kjenneteiknar oppdalsmålet, akkurat det Haugen (1954, s. 77) skriv at oppdalingar seier om seg sjølve. Sjølv om han ikkje nemner oppdalsmålet eksplisitt, skriv også Skjekkeland (2005, s. 37) at cirkumflekstonelaget er på veg til å forsvinne i dei måla som tradisjonelt har hatt det. På bakgrunn av dette kan det vere nærliggande å sjå for seg at bortfall av cirkumflekstonelag er noko av det eg kjem til å finne i mitt datamateriale. I oppdalsmålet finn vi cirkumflekstonelag i mellom anna tradisjonelle former som */f^ær/* (nynorsk: før), */gâng/* (gå), */br^ørn/* (brørne), */i^n/* (inne).

2.3.2 Nektingsadverb og pronomen

Den tradisjonelle varianten av nektingsadverbet har i oppdalsmålet stått sterkt, og Haugen (1982, s. 149) skriv mellom anna at */itt/* er einerådande. Ein kan på den andre sida seie at */ikke/* òg er ei tradisjonell form, men her er det viktig å presisere at det da er i emfatisk posisjon. Mæhlum og Røyneland (2012, s. 78) skriv at */ikke/* no brer om seg i urbane strøk i alle posisjonar, òg trykklett, det blir derfor interessant å sjå i mitt datamateriale om */itt/* tapar terreng til fordel for */ikke/* blant utflytta oppdalingar også, og om det i så fall er tilfelle i bae situasjonane eller berre i trondheimssituasjonen.

Tradisjonelt har oppdalsmålet hatt */e/* i 1. person eintal og */åss/* i 1. person fleirtal, og det er lite som tyder på at desse er på veg i ein meir modifisert form. Anshushaug (2015, s. 43) fant ingen døme på */vi/* i 1. person fleirtal hjå sine informantar, og Hårstad (2006, s. 47) skriv

at trass i at han fant nokre døme på /vi/ i sitt materiale er det ingenting som tyder på at dei tradisjonelle formene er nemneverdig trua.

2.3.3 Palatalisering

Mæhlum og Røyneland (2012, s. 80) skriv at det er i dei sørlege delane av Trøndelag palataliseringa står sterkast, noko som òg inneber Oppdal. I oppdalsmålet finn vi palatalisering både i trykklett og trykk tung staving. Eg skal sjå på dei palatale dentalane *t*, *n*, *d* og *l* i denne oppgåva. Palatalisering inneber at desse alveolarane får ein form for ein *j*-klang, og i oppdalsmålet kjem det til syne i til dømes /sâj/, /lell/, /vejn/ og /nytt/ (nynorsk: sodd, likevel, vind og nytt). Mæhlum og Røyneland (2012, s. 80) skriv vidare at ein i det trøndske målområdet har sett tendensar til avpalatalisering i dei seinare åra, og at denne utviklinga er mest tydeleg i byområda. Det vil vere interessant å sjå om denne trenden har smitta over og om utflytta oppdalingar òg har ein tendens til avpalatalisering, og om det eventuelt er ein skilnad mellom situasjonane.

2.3.4 Preposisjonar

Haugen (1982, s. 116-117) presenterer ei heil rekke preposisjonar som er karakteristiske for oppdalsmålet, men her ser eg det berre formålstenleg å presentere dei preposisjonane som er relevante for analysen seinare i oppgåva. Eg har valt å fokusere på preposisjonane *frå*, *i*, *av* og *til*, her i nynorsk standardvariant, då desse var dei mest bruka av mine informantar. /av/ blir i oppdalsmålet berre bruka i faste uttrykk, som i til dømes /av å te/, mens den tradisjonelle forma for preposisjonen er /tå/ som i /legg tå/ (nynorsk: legge av). Preposisjonen /i/ skriv Haugen (1982, s. 101) at ofte blir erstatta med ein forkorta og samansett form av andre preposisjonar, som i til dømes /ni'i/ (nede i) og /til/. *Til* har i oppdalsmålet tradisjonelt sett vore /ât/, men allereie frå Haugen sitt datamateriale, ser vi ei dreining mot /te/, det vil med andre ord ikkje vere overraskande om det er tilfellet hjå mine informantar også, både i trondheimssituasjonen og oppdalssituasjonen.

2.3.5 Dativ

Tradisjonelt sett har dativ i oppdalsmålet vore å finne etter verb, adjektiv og preposisjonar (Fjøsne, 2007, s. 4). Det er ikkje å stikke under stol at dativen lever på sotteseng over heile landet, òg i Oppdal der han før har stått sterkt. Dativen var tradisjonelt sett eit sikkert målmerke ein kunne bruke for å skilje mellom inntrøndsk og uttrøndsk, men den skilnaden er no langt frå sikker (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 81-82). Denne tendensen ser vi allereie i Haugen (1982)

sitt datamateriale som spenner frå 1930-1960, og han blir stadfesta av Fjøsne (2007, s. 55) som berre fant éin yngre informant på 17 år der dativ førekom, der alle hennar eldre informantar over 70 år bruka dativ aktivt. Skjekkeland (2005, s. 105) skriv at i norske dialekter der dativ enda er å finne held han seg best etter preposisjon, noko som blir stadfesta av Fjøsne (2007, s. 27) som skriv at dette òg gjeld for oppdalsmålet. Sjølv om det er særst tvilsamt at eg vil finne spor av dativ i mitt datamateriale, er det interessant å ta dette med seg, i og med at dativen tradisjonelt sett har stått så sterkt i oppdalsmålet.

2.4 Trondheimsmålet

I denne oppgåva skal eg sjå på korleis oppdalsmålet eventuelt blir påverka i møte med det «trondheimske», det er difor viktig å ha med ei oversikt over korleis trondheimsmålet faktisk er. Tradisjonelt sett har ein kunna delt trondheimsmålet i «fintrøndersk» og «breittrøndersk», men Hårstad (2010, s. 341-342) skriv at denne todelinga no er på veg ut, og at dagens ungdom i Trondheim heller samlar seg om ein plass «på midten» av desse to ytterpunktane. Det er denne forma eg skal freiste å gjere greie for i dette underkapittelet.

Når det gjeld pronomen, har trondheimsmålet, i motsetnad til oppdalsmålet, /æ/ som 1. person eintal og /vi/ som 1. person fleirtal. Nektingsadverbet er på den andre sida tradisjonelt sett det same som i oppdalsmålet, /itt/, men i veksling med /ikke/. Hårstad (2010, s. 209) fann at /ikke/ blir meir bruka av unge trondheimarar enn før, og at den moderniserte forma for nektingsadverbet no omtrentleg er sidestilt med det tradisjonelle /itt/. Som tidlegare nemnt tapar den tradisjonelle trønderske forma for nektingsadverbet terreng for /ikke/, om det òg er tilfelle hjå mine informantar vil vere interessant å sjå.

Trondheimsmålet har og tradisjonelt sett hatt ein tendens til tiljamning, ikkje utjamning som i oppdalsmålet. Det inneber et at ein tradisjonelt sett har hatt former som /å værra/ og /ei vækka/. Men også her ser ein tendens til endring, i og med at dei tradisjonelle jamvektsorda i større grad no enn tidlegare blir apokoperte. Der ein før høyrte /å værra/ er former som /å vær/ i dag nesten einerådande for yngre språkbrukarar i Trondheim (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 83).

Palatarar er i stor grad svekte i trondheimsmålet, og der ein språkbrukar frå Trondheim før sa /mann/ er i dag /mann/ ein heilt vanleg variant. Mæhlum og Røyneland (2012, s. 84) skriv at det her ofte kan oppstå ein form for ein kompromissvariant, der palatarar og alveolarar blir slege saman og blir realisert som ein retrofleks lyd, slik at ein også kan høyre former som /manŋ/. Det blir interessant å sjå i mitt datamateriale korleis mine informantar realiserer denne språklege variabelen, om dei held på dei tradisjonelle palatalane i oppdalsmålet, om dei viser

ein tendens til avpalatalisering eller om denne kompromissvarianten har smitta over og vorte ein språkleg variant hjå oppdalingar i Trondheim.

3 Metode

3.1 Val av metode

I denne oppgåva har eg hovudsakelig bruka ein kvalitativ metode for innsamling av data, dette ved at datamaterialet har vorte samla inn gjennom to djupneintervju per informant, eit gjennomført av ein forskingsassistent frå Trondheim og eit intervju av meg frå Oppdal. Grønmo (1996, s. 98) argumenterer for at svakheitene med ein kvalitativ innsamlingsmetode kan opphevast med ein kvantitativ innsamlingsmetode, og at desse metodane difor ikkje må haldast frå kvarandre. I sosiolingvistisk forskning har det tradisjonelt sett vore ein skilnad mellom kvantitativ og kvalitativ forskingsmetode, men denne skilnaden er no i større grad borte. Den kvantitative metoden har som mål å samle inn større mengder teljelege data som kan kartleggje og fortelje oss noko om språkleg praksis hjå større grupper, medan den kvalitative metoden tradisjonelt har fokusert meir på korleis enkeltindivid snakkar og kvifor dei snakkar som dei gjer. I denne oppgåva er innsamlingsmetoden eintydig kvalitativ, i og med at datamaterialet mitt er samla inn med intervju. Analysemetoden er på den andre sida både kvalitativ og kvantitativ, i og med at funna frå intervjuet er vorte gjort om til teljelege data gjennom å sjå på språklege variablar, samstundes som eg ser på haldningane som informantane gjev uttrykk for i intervjuet.

For denne oppgåva gav intervjuet meg moglegheit til å få svar på begge delane av problemstillinga mi, både om informantane mine varierer språket, og kva dei i så fall varierer, men også kva slags haldningar dei har til sin eigen dialektbruk og til dialekter generelt. I Skandinavia har dette vorte ein sosiolingvistisk tradisjon gjennom 1990- og 2000-åra, og det gav meg som språkforskar det Hårstad, Lohndal og Mæhlum (2017, s. 165) kallar ein dobbel informasjonsverdi, gjennom at eg fekk svar på kva for språkhaldningar informantane mine sat inne med, samtidig som eg fekk høyre og kvantifisere den språklege realiseringa. Eit problem eg her møtte på var av ein meir etisk art. Hadde eg gjort informantane klare over kva det faktiske formålet for studien var, ville det kunne ført til at informantane mine overkorrigerte språket sitt i anten den eine eller den andre retninga. På den andre sida hadde det òg vore forskningsetisk problematisk om eg ikkje i det heile tatt hadde informert dei om kva eg skulle forske på. Eg fall difor på det Hårstad et al. (2017, s. 165) omtalar som ein «sosiolingvistisk vaghet», gjennom at informantane fekk, i forkant av intervjusituasjon A, informasjon om at dei deltok i ein studie om «skilnaden mellom bygd og by frå eit språkleg standpunkt». Samstundes fekk dei i forkant av intervjuet vite at studien er eit eksperiment, og at dei skulle få det fulle formålet for studien i

etterkant av datainnsamlinga⁴. I det intervjusituasjon B var gjennomført fekk båe informantane den fulle informasjonen om kva studien sitt formål er, og sjølvstøtt moglegheita til å trekkje seg frå studien om det var ønskeleg.

3.2 Val av informantar

I den meir tradisjonelle dialektologien var det strenge krav til informantutveljing. Den ideale språkbrukaren for dialektologar var det som vart kalla ein *NORM* – *Non-mobile, Old, Rural, Male*. Denne språkbrukaren skulle helst ha så minimal kontakt med omverda utafor bygda som mogleg, han skulle vere ein eldre mann og snakke eit tradisjonelt bygdemål. Helst skulle foreldre og besteforeldre òg kome frå same stad, for å vere sikker på at språket til informanten var «autentisk nok». Tanken bak denne idealinformanten var at det «naturlege» målet skulle kome fram i intervjusituasjonen (sjå til dømes Hårstad, 2010, s. 122). For denne oppgåva sitt vedkommande vil det å finne ein *NORM*, i den grad dei fortsatt finst, vere særst lite formålstenleg. Problemstillinga mi er todelt, for det første ønsker eg å finne ut av om, og eventuelt korleis, studentar frå Oppdal i Trondheim varierer språket i møte med trondheimsmålet, og for det andre ønsker eg å finne kva for tankar desse studentane gjer seg kring sitt eige språk. For å finne svar på desse spørsmåla var det naturleg at et valde personar som er fødte og oppvaksne i Oppdal kommune, men som har flytta til Trondheim for å ta høgare utdanning.

Sidan eg sjølv oppfyller desse kriteria var det naturleg at eg valde ut informantar som eg kjente personleg frå før. Valet falt på to personar eg kjente frå ungdomstida, som begge flytta frå Oppdal til Trondheim for omlag fire og eit halvt år sidan. Eg visste òg frå før at begge informantane prata det eg vil kategorisere som vanleg oppdalsmål for generasjonen. Samstundes gjorde eg meg refleksjonar om at det kunne vere ein skilnad i språkleg variasjon og/eller haldningar knytt til språk avhengig av kor i Oppdal informantane kjem frå, eg valde difor ein informant oppvaksen i eit av utkantsstrøka i Oppdal, og ein informant oppvaksen i kommunen sitt administrasjonssenter (sjå presentasjon av informantane i kap. 5.2 & 5.3). Dette valet er det Akselberg og Mæhlum (2008, s. 80) omtalar som eit «*strategisk* informantutvalg», i og med at eg valde informantar som, som enkeltindivid, kan seiast å representere ei større gruppe menneske i språksamfunnet, for denne oppgåva sitt vedkommande oppdalingar på høgare utdanning i Trondheim. Samstundes er det viktig å peike på at med berre to informantar vil studien ikkje vere generaliserbar for alle studentar frå Oppdal i Trondheim, men funna vil

⁴ Prosjektet vart godkjent av Norsk senter for forskingsdata (NSD) og har følgjande prosjektnummer: 373910.

kunne fortelje oss noko om eit mønster av språkleg veksling ein kanskje vil finne hjå fleire i denne gruppa.

3.3 Val av forskingsassistent

I intervjusituasjon A måtte eg ha ein forskingsassistent frå Trondheim som kunne samle inn dataa frå informantane mine. Valet fall på ei venninne som òg studerer ved lektorprogrammet i nordisk. Dette såg eg på som ein fordel, i og med at ho i utdanningsløpet sitt har vorte litt kjend med sosiolingvistisk forskingsmetode, og ho var klar over kva eg var ute etter og korleis eit djupneintervju helst bør gjennomførast. Samstundes var den einaste oppgåva hennar å stille spørsmåla eg hadde laga i intervjugaiden, og generelt føre ei samtale med informantane mine, så studiebakgrunnen hennar var ikkje avgjerande for valet av ho som forskingsassistent. Forskingsassistenten er 24 år gamal og ho har budd i Trondheim by heile livet. Dialekta hennar vil eg kategorisere som typisk trondheimsmål for hennar generasjon trondheimar, og målet hennar passer etter både mi og hennar eiga meining godt inn i midtpunktet mellom breitrøndersk og fintrøndersk eg gjorde greie for i kapittel 2.4.

3.4 Datainnsamling

Datamaterialet i denne studien vart som tidlegare nemnt samla inn ved bruk av djupneintervju. Ein kvalitativ forskingsmetode søker som oftast å få resultat som ikkje er generaliserbare og ein nyttar stort sett få informantar (Akselberg & Mæhlum, 2008, s. 78). I djupneintervjuet er det viktig at informanten føler seg trygg, og at ein klarer å skape ein god dialog mellom intervjuar og informant. Samstundes er intervjuet ein god metode for å få informasjon om kva enkelt informant tenker om temaet det blir prata om (Tjora, 2012, s. 21). Den opphavlege tanken var at intervjusituasjon A, situasjonen med forskingsassistenten frå Trondheim, skulle gjennomførast i Trondheim, medan intervjusituasjon B skulle gjennomførast i Oppdal for at informantane skulle føle seg mest mogleg som heime. På grunn av reiseråda knytt til Covid-19-situasjonen tok eg avgjerdsla om å gå bort frå den planen og heller gjennomføre baa intervju i Trondheim. Baa intervju vart difor gjennomførte i eit grupperom på Dragvoll campus ved NTNU i Trondheim.

I situasjon A, heretter kalla trondheimssituasjonen, vart informantane møtt av forskingsassistenten, og teke med til eit grupperom eg hadde tinga i forkant av intervju. Da trondheimssituasjonen var ferdig møtte eg opp på grupperommet og gjennomførte intervju B, heretter kalla oppdalssituasjonen. Sidan eg kjenner baa informantane mine frå før, vart det

naturleg at vi slo av ein liten laus prat før sjølve intervjuet starta. Det var ikkje det eg eigentleg hadde planlagt, men i ettertid ser eg at det kan ha vore positivt, sidan informantane gløymde litt at dei var deltakarar i ein studie, samstundes som språket deira kanskje «lausna litt» før eg starta med innsamling av datamateriale.

Sidan informantane ikkje kjente forskingsassistenten min på førehand, vart trondheimssituasjonen mykje meir strukturell og formell, og verken informantane eller forskingsassistenten gjekk så mykje ut over dei spørsmåla som sto i intervjugaiden. I oppdalssituasjonen kjente eg informantane mine, og difor vart samtala mykje meir naturleg, og eg opplevde at informantane fort gløymde at det låg ein mobiltelefon på opptak på bordet mellom oss. Det var også noko av grunnen til at intervjuet i oppdalssituasjonen varte mykje lengre enn eg hadde planlagt, dei varte bae to i rundt 45 minutt i motsetnad til intervjuet i trondheimssituasjonen som bae to varte i omlag 25 minutt.

Når det gjeld datainnsamlinga er det også viktig å påpeike at eg sjølv snakkar ein modifisert form for oppdalsmål, og at eg sjølv kan ha ein tendens til å tilpasse meg den eg pratar med. Sjølv om eg var veldig klar over språket mitt i intervjusituasjonane, er det klart frå lydopptaka at eg og tilpassar språket mitt i intervjuet, mellom anna vekslar eg på nektingsadverbet mellom den tradisjonelle forma */itt/* og den modifiserte forma */ikke/*, men */ikke/* brukar eg stort sett mest i emfatisk posisjon. Med bae informantane vekslar eg òg mellom den tradisjonelle forma */å tållå/* og den modifiserte forma */å snakk/*. I forkant av intervjuet var eg veldig klar over dette, og underveis i intervjuet var eg oppteken av å prøve å ikkje tilnærme meg informantane mine. Det er uansett eit viktig moment å ha med seg at mi dialekt heller ikkje er av den fullstendig tradisjonelle forma, og difor vil dette kunne ha vore med på og påverka målet til informantane mine.

3.5 Intervjugaid

Når ein gjennomfører djupneintervju med fleire informantar er det viktig at ein har ein intervjugaid som er tilpassa informantane sine føresetnader (Tjora, 2012, s. 24). Intervjugaiden i trondheimssituasjonen (sjå vedlegg 3) var delt i to deler, der den første delen var innleiande spørsmål som kor gamle informantane var, kor i Oppdal dei er frå, mens den andre delen handla meir om overgangen mellom å bu i bygd til by, korleis informantane trivst i Trondheim og så vidare. Her er det viktig å merke at eg i trondheimssituasjonen valde å ikkje ha med for mange spørsmål om dialekt, men heller hadde spørsmål som var knytt til korleis informantane opplever Trondheim som buplass. I oppdalssituasjonen hadde eg òg nokre av dei same spørsmåla i den innleiande delen, mest for å få ein meir naturleg måte å starte samtalen på. Intervjugaiden i

oppdalssituasjonen (sjå vedlegg 4) var delt inn i tre deler, innleiande, talemål og til slutt skriftspråk. I oppdalssituasjonen spurte eg fleire spørsmål der tanken bak var å finne svar på kva for språkhaldningar informantane hadde, og fleire meir direkte spørsmål om korleis dei sjølv opplever at eiga dialekt har endra seg etter dei flytta frå heimbygda. Eg hadde òg to spørsmål om korleis informantane mine skriv på tekstmeldingar og i meir formelle settingar, men desse spørsmåla har eg vurdert til strengt tatt å ikkje vere naudsynte for problemstillinga mi. Tanken bak dei spørsmåla var mest for å sjå om dei satt med tankar om å skriva på dialekt og korleis det kan opplevast for folk frå Trondheim.

3.6 Transkribering

I transkriberinga av lydmaterialiet har eg i det store og det heile lent meg på tidlegare forskning på oppdalsmålet, og eg har jamt over bruka Anshushaug (2015) sin måte å transkribere dei forskjellige lydteikna på. I arbeidet med materialet har eg analysert alle intervju, men eg har berre transkribert enkelte utdrag eg meiner er nødvendige for analysen sin del. Eg såg eg det ikkje som føremålstenleg å bruke ein full total transkribering i denne oppgåva, da føremålet med transkriberinga først og fremst er å gjere greie for dei forskjellige språklege variablane eg skal analysere og å attgjeve utsegn frå informantane i teksten. Transkripsjonsteikna er først og fremst til hjelp for å kunne beskrive språklege fenomen som ikkje finst i skriftspråket.

Transkripsjonsteikna i oppgåva er dei følgjande:

(L) = Tjukk l, i til dømes /tåLLå/ (nynorsk: snakke)

(t̥) = palatalisert t, i til dømes /lett̥/ (nynorsk: lett)

(ɲ) = palatalisert n, i til dømes /mijɲ/ (nynorsk: men)

(ʌ) = palatalisert l, i til dømes /leʌʌ/ (nynorsk: likevel)

(ɟ) = palatalisert d, i til dømes /såɟ/ (nynorsk: sodd)

(˘) = cirkumfleks, i til dømes /gâng/ (nynorsk: gå)

() = ord med understreking indikerer emfatisk ordstilling

For cirkumfleks sin del har eg vald å anten bruke (˘) som nemnt ovani, men med enkelte bokstavar er det ikkje mogleg i Word, der det er tilfelle, til dømes ved «æ», nyttar eg «^æ» for å markere cirkumfleks tonelag.

4 Eit teoretisk bakteppe

I dette kapittelet skal eg presentere sosiolingvistisk teori som i større eller mindre grad er sentrale for oppgåva mi, og som kan bidra til å forstå dei mekanismane som ligg bak fenomenet intraindividuell variasjon. Sentrale omgrep her blir den språklege tilpassingsteorien, standardisering og identitet. Samstundes skal eg òg gjere kort greie for omgrepa nivellering og regionalisering. Saman vil dette utgjere eit teoretisk bakteppe som blir viktig for å få eit teoretisk grunnlag i analysen og diskusjonen seinare i oppgåva.

4.1 Språk og identitet

Menneske flest ønsker gjerne å identifisere seg med forskjellige grupper i samfunnet, til dømes familien, vennar eller lokalsamfunn. Dette omtalar Skjekkeland (2009, s. 32-33) som *sosial identitet*. Swann, Deumert, Lillis og Mesthrie (2004, s. 140) definerer identitet innafor sosiolingvistikken som «A term used to refer to an individuals's or group's sense of who they are, as defined by them and/or others». Altså kan vi, for denne oppgåva sitt vedkommande, seie at identitet er noko vi bruker for å kunne assosiere oss med andre, og føle tilhørsle til. Det kan vere å føle tilhørsle til ei bestemt sosial gruppe, eller tilhørsle til dei tankane og kjenslene vi har om oss sjølve. Samtidig omfamnar òg identitet det andre syns om oss, og om andre i ei sosial gruppe føler ein enkeltperson har tilhørsle i gruppa. Mæhlum (2008, s. 125) skriv at «et individs subjektive opplevelse av sin egen sosiale og kulturelle tilhørighet langt på vei [vil] være bestemmende for hvilke atferdsmønstre vedkommende faktisk velger – også språklig». Altså er intraindividuell variasjon sentralt i forskinga på identitet i det sosiolingvistiske fagfeltet. Språk er i identitetssamanheng viktig, og i det norske dialektlandskapet er identitet ein viktig markør for å vise tilhørsle til lokalsamfunnet vi kjem i frå, og som vi ønsker å assosiere oss med. Oppdalingar i Trondheim kan ut i frå denne definisjonen føle at dei ikkje høyrer heime blant folk frå Trondheim, fordi dialekta deira blir ein stor identitetsmarkør. Eit sentral spørsmål blir då å vurdere om det er dette som eventuelt forårsakar om mine informantar vekslar språket sitt mellom dei to situasjonane.

4.2 Tilpassingsteorien

The interpersonal speech accommodation theory, på norsk *den språklege tilpassingsteorien*, tek utgangspunkt i eit «ønske om å kunne forstå og forklare de individuelle vekslingene vi som språkbrukere ofte foretar, som når vi varierer talemålet vårt avhengig blant annet av hvem vi snakker med» (Mæhlum, 2008, s. 112). I den språklege tilpassingsteorien

pratar ein kort fortalt om to former for språkleg tilpassing; *konvergering* og *divergering*. Konvergering omhandlar korleis ein språkbrukar gjer den språklege avstanden til samtalepartneren mindre gjennom ei språkleg nedtoning, medan divergering er at ein ønsker å oppretthalde dei språklege skilnadane, og i enkelte høve òg gjere dei større gjennom å overdrive enkelte språklege trekk. Heile grunnlaget for teorien er at ein ser på språklege trekk som ein form for sosial respons, og at språkbrukaren ønsker ein sosial identifikasjon (konvergering) eller ein sosial avstand (divergering) til samtalepartneren. Samstundes er det viktig å påpeike at det er ikkje berre den sosiale avstanden som er avgjerande i teorien. Språkleg tilpassing kan òg førekomme ved at språkbrukaren ønsker å distansere seg sjølv frå sin eigen sosiale bakgrunn eller tilhøyrse. I denne teorien ser ein altså på språkbrukaren sine språklege strategiar som eit uttrykk for sosial identifisering.

4.3 Språklege variablar

Konseptet «språklege variablar» har stått sterkt i sosiolingvistisk forskning sidan 1960-talet då William Labov undersøkte språklege forhold i New York. Språklege variablar blir av Swann et al. (2004, s. 190) definert som «a feature that has two or more identifiable linguistic forms, or realisations». I dette prosjektet har det vore viktig å samanlikne språklege variablar for å kunne seie noko om den intraindividuelle variasjonen hjå mine informantar. Gjennom å bruke variablar har eg lettare kunna konkretisert den aktuelle vekslinga hjå den enkelte informant.

4.4 Regionalisering og standardisering

For betre å kunne analysere den intraindividuelle variasjonen hjå informantane mine seg eg det formålstenleg å seie noko om mekanismar som ligg bak dialektendringar på eit meir overordna nivå. Nivelleringsprosessen skjer når lokale særdrag i eit mål forsvinn til fordel for variantar med eit større bruksområde, det vere seg regionalt eller nasjonalt. Det vil altså seie at der ein før geografisk kunne stadfeste ein språkbrukar på bakgrunn av stadspesifikke språktrekk, har desse trekk i dag falt ut, eller er i ferd med å forsvinne. Denne nivelleringsprosessen har gått utover både lydverk, syntaks, leksikon, bøyingsverk, og andre språklege kjennetrek for ei bestemt dialekt. Kort fortalt er altså nivelleringsprosessen ein form for homogenisering av språket, der skilnadar mellom dei ulike dialektene blir mindre tydelege enn før (Mæhlum, 2007, s. 48).

Med det i bakhovudet kan vi spørje oss kvifor denne prosessen skjer. Ofte blir dette fenomenet knytt opp mot omgrep som regionalisering og standardisering. Vi har som kjent

ingen offisiell standardnorm for talemål i Noreg, men for å forstå desse omgrepa kan det likevel vere nyttig å tenkje for seg ein slags hierarkimodell, der måla med høgst prestisje står øvst, og ulike språktrekk har forskjellig «verdi». Det bokmålsnære, austlandske talemålet, kan plasserast øvst på denne modellen, og Mæhlum (2007, s. 45) argumenterer for at nettopp dette målet er ein uoffisiell standard i Noreg. Standardisering handlar om at språktrekk som er å finne høgt i denne modellen spreier seg «nedover» til dei andre måla med lågare prestisje.

Regionalisering er eit viktig omgrep i denne samanhengen, og er relevant til denne oppgåva. Skjekkeland (2005, s. 23-25) skriv at byen i den aktuelle regionen er viktig, og at språket i byen, i denne oppgåva Trondheim, er med å påverke dei språklege mønstra til dei mindre tettstadane i regionen. Han skriv vidare at det er ei «modifisert form av det folkelege bymålet som fungerer som norm» (Skjekkeland, 2005, s. 23-25). Med andre ord kan vi seie at det er ikkje «fintrøndersken» som påverkar måla rundt Trondheim, men heller målet til den gjengse språkbrukar frå Trondheim. Regionalisering inneberer altså ei utvisking av dei før tydelege isoglossane innanfor ein bestemt region. Samstundes er det verdt å ha med seg at det er ikkje alltid enkelt å definere storleiken på ein region. Ein region kan vere Midt-Norge, Trøndelag eller Oppdal. Ein ser altså ein tendens til at talemålet i regionsentra i Noreg påverkar talemålet til dei mindre stadane rundt, som igjen påverkar talemålet i dei små bygdene. Ut i frå desse modellane vil det då vere nærliggande å tru at det ikkje er det «uoffisielle standardtalemålet bokmålsnært austnorsk» som påverkar eventuelle variasjonar hjå mine informantar, men heller at målet i Trondheim ligg øvst på ein regional hierarkimodell.

5 Analyser

I dette kapitlet skal eg legge fram mine analyser. Eg skal først presentere dei to informantane, og gjere ein analyse av både språket deira og språkhaldningane deira. Her blir dei språklege variasjonsmønstra lagt fram saman med informantane sine haldningar og tankar til eigen dialektbruk og dialektvariasjon. Målet er at eg skal kunne seie noko om den språklege variasjonen hjå mine informantar, likskapar og ulikskapar mellom dei, kva for haldningar informantane mine har til si eiga dialekt, og om desse haldningane eventuelt påverkar målet deira. I den kvantitative analysen har eg teke utgangspunkt i heile datamaterialet når eg har plukka ut dei språklege variablane. Dette vart gjort for å få størst mogleg belegg i analysen. Samstundes finn eg det viktig å presisere at intervjuet i trondheimssituasjonen varte i omlag 25 minutt til båe informantane, medan intervjuet i oppdalssituasjonen varte i omlag 45 minutt. Det vil difor vere gjennomgåande fleire belegg i oppdalssituasjonen enn i trondheimssituasjonen for båe informantane, sjølv om det ikkje spiller inn på modifieringsprosenten til den aktuelle informanten. I delkapitlet om språkhaldningar har eg teke utgangspunkt i spørsmål frå intervjugaidane (sjå vedlegg 3 & 4) og svar på desse som er relevante for temaet, men og haldningar informantane gjorde tydelege elles i intervjuet som ikkje nødvendigvis var på bakgrunn av eit spesifikt spørsmål frå intervjugaiden.

Sidan eg sjølv kjem frå Oppdal og pratar oppdalsmål, hadde eg gjort meg nokre tankar før innsamlinga om kva for variablar som kunne vere aktuelle å sjå vidare på. Samstundes var det viktig å ha i bakhovudet at variablane måtte ha ein viss frekvens i datamaterialet for å styrkje validiteten til oppgåva. Eg hadde òg eit ønskje om å sjå på dei språklege kjenneteikna som er meir karakteristiske for oppdalsmålet (sjå kapittel 2.2) for å undersøkje om dei, i møte med det trondheimske, tapar terreng til fordel for variantane ein finn i trondheimsmålet. Av omsynet til formatet til oppgåva vil ikkje alle dei karakteristiske trekka for oppdalsmålet vere med her, men eg har valt ut dei eg meiner vil kunne gje ein peikepin på språket til informantane mine blir variert eller ikkje. I tabellane under har eg satt alle aktuelle preposisjonar under eitt, men eg skal gjere meir greie for dei i analysen. I tabellane under presenterer eg dei språklege variablane som har ein tradisjonell variant og ein modifisert variant.

Samstundes har eg, for å spare plass, laga forkortingar i tabellane:

I.	Personlig pronomen, 1. person fleirtal:	1PERSPL
II.	Cirkumflekstonlag:	CF
III.	Preposisjonar:	PREP
IV.	Nektingsadverb:	NA
V.	Palatalisering	PALA
VI.	Apokope:	APO
VII.	Jamvekt:	JAM

Bak forkortingane har eg skreve kor mange av den aktuelle variabelen, både tradisjonell og modifisert variant, som vart realisert i løpet av intervjuet.

5.1 Analyse av dei språklege variablane

I dette kapitlet skal eg først kome med ein kort presentasjon av informantane mine, før eg analyserer språket deira på eit meir kvantitativt nivå. Deretter skal eg på eit meir kvalitativt nivå sjå på informantane sine haldningar til språk, før eg til slutt samanliknar dei to informantane med kvarandre. For å sikre størst mogleg anonymitet har båe informantane fått fiktive namn, *Anne* og *Berit*. Båe informantane er kvinner, er like gamle og har budd i høvesvis Oppdal og Trondheim i like lang tid. Dessutan har båe informantane sambuarar som kjem frå Trondheim, dei er med andre ord ganske like kvarandre.

5.2 Anne

*«e legg heller på, prate litt breâr egentle,
for e tykje dæ æ arti»*
(Anne)


Anne er tjuetvå år og kjem frå bygda Lønset i Oppdal, omtrentleg to og ei halv mil i retning Sunndalen frå Oppdal sentrum (sjå kart i vedlegg 5). Lønset ligg nær fylkesgrensa til Møre og Romsdal fylke, og Anne seier sjølv at staden ho kjem frå er «fin, men aude og langt uti gokk». Båe foreldra er fødte og oppvaksne i Oppdal, og ifølgje Anne pratar båe foreldra hennar oppdalsmål. Anne har budd på same stad frå ho vart født til ho flytta til Trondheim som

nittenåring, omlag fire og eit halvt år sida, og ho studerer no på femte året. I Trondheim har ho sambuar som ho har budd med sidan ho flytta til byen, og sambuaren hennar kjem frå Trondheim. Ho seier ho trivst godt med å bu i byen, men ho reiser ofte til Oppdal for å slappe av eller hjelpe til på garden. Nettverket hennar i Trondheim består av folk frå heile landet, både frå Oppdal, frå Trondheim og frå resten av landet.

Anne fortel i intervjuet at ho er glad i dialekta si, og at dialekta er ein viktig del av identiteten hennar. Når ho treff nye menneske legg ho på litt ekstra dialekt, seier ho, dette fordi ho meiner det er lettare å bli kjend med nye folk når fenomenet dialekt blir eit samtaleemne. Samstundes legg ho ikkje skjul på at ho i alle situasjonar er oppteken av å halde på dialekta si, noko ho har vorte meir oppteken av etter ho flytta til Trondheim.

5.2.1 Språket til Anne i trondheimssituasjonen

I språket til Anne er det store skilnadar mellom kva for dialekttrekk ho varierer og ikkje. I tabellen til høgre kan vi sjå at ein variabel ho ikkje modifierer språket i det heile tatt er personleg pronomen 1. person fleirtal, her seier ho konsekvent /åss/, ikkje det modifiererte /vi/. Ho modifierer 71 %⁵ av dei tradisjonelt




cirkumflekterte uttrykka, til dømes blir /f^ær/ realisert som /før/. Ho har ein modifieringsprosent på 30 % når det gjeld preposisjonar, mykje fordi ho tre av tre gonger brukar den modifiererte forma /i/ i staden for den tradisjonelle /ti/. Dei tradisjonelle preposisjonane /frå/ og /te/ (nynorsk: frå og til) er einerådande, med høvesvis tre og fire realiseringar kvar, og preposisjonen /tå/ (nynorsk: av) blir realisert som tradisjonell og modifierert variant ein gong kvar. Heile 94 % av gongane brukar ho det modifiererte /ikke/ til fordel for /itt/. Av til saman 49 realiseringar av nektingsadverbet, brukar ho den tradisjonelle forma tre gonger. Dei få gongane ho brukar det tradisjonelle nektingsadverbet er når ho pratar spesifikt om heimbygda. Her er det viktig å påpeike at eg har utelukka nektingsadverb bruka i emfatisk posisjon, då /ikke/ som tidlegare nemnt kan seiast å vere ei tradisjonell form i trykksterk posisjon. I bruken av palatalisering held anne på dei tradisjonelle formene 70 % av gongene. Dette kjem til syne i til dømes /le^ʎ/ (nynorsk: likevel), /sitt/ (sitte) og /nånn/ (nokon).

⁵ Alle prosentar i oppgåva er rekna til næraste heile tal.

Ved sistenemnte døme kan eg òg nemne at ho modifierer eit tradisjonelt cirkumflekstoneleg, da den tradisjonelle forma for ordet er /n[^]ånn/. Samstundes blir til dømes /mijn/ (nynorsk: men) realisert som /men/ og /ba[^]ll/ (nynorsk: ball) blir realisert som /ball/. Totalt palataliserer ho 28 av totalt 40 høve i trondheimssituasjonen. Interessant er det òg at ho ikkje brukar dei tradisjonelt utjamna formene i oppdalssmålet, til dømes kjem /vukku/ og /fårrå/ til uttrykk som /uke/ og /fær/ (nynorsk: veke og fare).

5.2.2 Språket til Anne i oppdalssituasjonen

Når det kjem til oppdalssituasjonen kan vi no sjå at Anne varierer språket tydeleg mellom dei to situasjonane. Personleg pronomen 1. person, både eintal og fleirtal er framleis på einerådande tradisjonell variant. I oppdalssituasjonen held ho på 53 % av dei tradisjonelt cirkumflekterte



formene, i til dømes /gâng/, /kj[^]ør/ og /mâng/ (nynorsk: gå, køyre, mange), i motsetnad til at ho i trondheimssituasjonen heldt på 29 %. Dei tradisjonelt cirkumflekterte formene som her blir modifierede, er til dømes /s[^]æi/ som blir modifierd til /si/ og /hê[^]ll/ som blir realisert til /heller/. Dette kan seiast å vere av ein meir talt bokmålsnær variant, og ikkje ein trondheimsnær realisering.

Eit interessant fenomen er at preposisjonen /frå/, som i situasjon A var konsekvent i tradisjonell variant, her blir modifierd til /fra/ heile 12 av totalt 33 gongar. Dette er mykje av grunnen til at modifieringsprosenten på preposisjonar noko overraskande har gått opp frå trondheimssituasjonen til oppdalssituasjonen. /Te/ (nynorsk: til) er framleis einerådande, medan /tå/ blir modifierd til /av/ ein av tre gonger i løpet av intervjuet. Anne har framleis ein høg førekomst av det modifierde nektingsadverbet, men modifieringsprosenten har gått betrakteleg ned, frå 94 % i situasjon A til 54 % i situasjon B. Palataliseringsprosenten hennar er tilnærma lik frå trondheimssituasjonen, og har berre auka med eit prosentpoeng. Dette kjem fram med realiseringar som /gje[^]ll/ (nynorsk: gjeld), /mann/ (nynorsk: mann) og /uttå/ (nynorsk: utan). Dei tradisjonelt apokoperte formene blir modifierd berre to av ti gongar, medan tradisjonelt utjamna former berre blir modifierd éin av ni gongar, der ho seier /å vær/ i staden for den tradisjonelle forma /å vårrå/. Elles finn vi her former som /dråggå/ (nynorsk: dra),

/vukku/ (nynorsk: veke) og /fårrå/ (nynorsk: fare). Dette er ein stor kontrast til at ho i situasjon A hadde 100 % modifieringsprosent på utjamna former.

5.2.3 Språket til Anne – samla sett

Anne seier at ho «/jobbe for å hêll på dialekta mi/», men det er tydeleg at i møte med det trondheimske så taper mange av dei tradisjonelle oppdalsvariantane terreng for ein meir bokmålsnær, eller trondheimsnær, variant. /mijjn/ blir ofte realisert som /men/, det tradisjonelle /fløtta/ (nynorsk: flytta) blir ofte avpalatalisert til /fløtta/, /s^æi/ mistar cirkumfleks og blir realisert som /si/ og /gjørrå/ blir ofte realisert som /gjør/. Eit interessant fenomen er at ho konsekvent bruker namnet «Trondhjem» (/trånnjæmm/) og ikkje Trondheim i begge situasjonane når ho pratar om byen ho har flytta til. Hårstad (2010, s. 210) skriv at den offisielle skrivemåten (Trondheim) ser ut til å ha vorte den vanlegaste uttaleforma for yngre trondheimarar, men om vi tek utgangspunkt i Anne kan ein kanskje sjå glimt i at det gamle tradisjonelle namnet òg har fått fotfeste hjå yngre trønderar utanfrå bygrensene.

Om vi summerer alle dei spraklege belegga og reknar ein samla modifieringsprosent, ser vi at Anne samla sett har ein modifieringsprosent på 61 % i trondheimssituasjonen og ein modifieringsprosent på 42 % i oppdalssituasjonen. Mest framståande i Anne si dialekt, er at den tradisjonelle og den modifiererte forma for nektingsadverbet ikkje berre ser ut til å vere likestilt, men at /ikke/ har teke over som hovudvariant for ho. I oppdalssituasjonen brukte ho /itt/ berre 46 % av gongene, og sjølv om det er ein stor skilnad frå 6 % i trondheimssituasjonen, kan det vere nærliggande å tru at /ikke/ er vorte ein fast variant for ho, òg i trykklett posisjon. Samstundes ser vi at det tradisjonelle cirkumflekstonelaget mister terreng hjå Anne, og ofte blir desse variantane til ein meir talt bokmålsnær realisering, ikkje trondheimsnær, ved til dømes /enklâr/ (nynorsk: enklare) som blir /enklar/ der ein frå Trondheim ville sagt /ænkler/ og /ijjn/ der det tradisjonelt har vore /ijn/ (nynorsk: inne). Som eg nemnte tidlegare i oppgåva er cirkumflekstonelaget eit resultat av ein kompensasjon for apokope. Der cirkumflekstonelaget ikkje blir bruka av Anne kjem orda til uttrykk som vanlege einstavingsord, dei historisk sett apokoperte endingane blir ikkje sette inn att.

Som ein overordna tendens ser vi at i overgangen frå trondheimssituasjonen til oppdalssituasjonen varierer Anne fleire av dei historisk tradisjonelle variantane over til ein meir modifierert variant. Den mest tydelege endringa i språket hennar er bruken av jamning, der ho i trondheimssituasjonen berre bruka modifiererte former, medan ho i oppdalssituasjonen brukar tradisjonelle former éin av ni gonger. Sjølv om bruken av nektingsadverb er i overvekt modifierert i bae situasjonane, ser vi her at talemålet hennar går ein meir modifierert veg i

trondheimssituasjonen enn i oppdals situasjonen. Ikkje overraskande finn vi ingen døme på dativ hjå Anne. Samstundes er det, som tidlegare nemnt, mange trekk som skil oppdalsmålet frå trondheimsmålet som ho held på i båe situasjonane. Her er det særleg viktig å trekke fram personleg pronomen i 1. person, båe eintal og fleirtal, som på oppdalsmål er høvesvis /e/ og /oss/. I presensforma for verbet «å vere» held ho òg fast på den tradisjonelle varianten /æ/.

5.2.4 Haldningar til eige språk – Anne

Som tidlegare nemnt er Anne oppteken av å ta vare på si eiga dialekt. Ho er stolt over å kome frå Oppdal, og ho seier dialektbruk gjer det lettare å bli kjent med nye folk, då temaet dialekt ofte blir diskutert. Anne har opplevd fleire gonger at framande menneske har spurt ho kor ho kjem frå, og ho seier at ho opplever det som positivt at folk høyrer ho kjem frå ein annan stad enn Trondheim. Anne seier ho aldri legg om dialekta si med vilje, verken til ein meir trondheimsnær variant eller ein standardnær variant, når ho pratar med folk utanfrå Oppdal, men at ho heller freistar å prate tydeleg, men breitt. Ho seier dialekta hennar er ein stor del av kven ho er, og det er tydeleg at ho oppfattar dialektbruk som ein viktig identitetsmarkør, «/dialekta mi gjær me te me/» seier ho.

Som tidlegare nemnt likar Anne å legge litt ekstra på dialekta si når ho møter framande menneske i Trondheim, ho seier det er ein god inngang til å starte ei samtale og bli kjent med nye folk. På spørsmål om kva ho meiner med å «legge på dialekta si» seier ho at ho til dømes prøver å prate breiare, bruke fleire karakteristiske oppdalsord, og å «/dråggå på ordal/». Med sistnemnte refererer ho til cirkumflekstonelaget, som som tidlegare nemnt blir oppfatta som eit veldig karakteristisk fenomen i oppdalsmålet, sjølv om fleire andre dialekter òg har cirkumflekstonelag. Anne seier ho ikkje har opplevd direkte negative kommentarar på dialekta si, men ho meiner folk frå Trondheim ikkje alltid har lyst til å forstå kva ho meiner. I følgje Anne klarer dei aller fleste trondheimarar å forstå oppdalsmål, og ho meiner at dei latar som om det er vanskelegare å forstå enn det eigentleg er. Anne trur dette er fordi folk frå Trondheim ser på seg sjølv som viktigare enn folk frå distrikta, og her kan vi knytte inn hierarkimodellen eg har skrive om tidlegare i oppgåva.

I sosiolingvistisk forskning er det vanleg å bruke pyramidemodellar for å vise skilnaden mellom kva for språklege varietetar som blir sett på for å ha makt og prestisje i forhold til kvarandre, og sjølv om den gjennomsnittlege språkbrukaren, som til dømes Anne, ikkje nødvendigvis er klar over dei sosiolingvistiske teoriane som omhandlar dette fenomenet, må vi ut i frå det ho seier gå ut i frå at ho er bevisst dette makt-og-prestisje-forholdet mellom forskjellige språklege varietetar. Dette blir mellom anna støtta av Mæhlum og Røyneland

(2012, s. 135) som skriv at det er «(...) vanskeleg å sjå bort frå at òg i bevisstheita til norske språkbrukarar eksisterer det nokså klare førestillingar om ein særeigen språkleg storleik (...)». Samstundes er det viktig å påpeike det er ingenting med den spesifikke språklege varietetten, det vere seg trondheimsmålet eller oppdalsmålet, som tilseier at det har ein ibuande prestisje i seg, det er språkbrukarane sjølv som gjev dei forskjellige språklege varietetane forskjellige status (Hårstad, Mæhlum & Ommeren, 2021, s. 49).

Anne viser i intervjuet fleire haldningar ho har til dialekta si, til trondheimsmålet, og til folk frå Trondheim meir generelt. Dei to sistnemnte her er det naturleg å sjå på som to sider av same sak, i og med at haldningane ho har til folk frå Trondheim har ein samanheng med haldningane ho har til trondheimsmålet. Her kan vi tenkje oss ein regional hierarkimodell forma som ein pyramide, der trondheimsmålet tronar øvst med størst innslag av prestisje. I ein slik modell er det ikkje vanskeleg å sjå for seg at oppdalsmålet vil ende opp i den nedre delen av pyramiden, mykje fordi Oppdal ligg lengst sør i Trøndelag, har ei lita befolkning, og har relativt lite påverknad på omgjevnadane sine, i alle fall samanlikna med Trondheim. Det er viktig å hugse at Trondheim er regionhovudstaden i Trøndelag, noko som for trønderske språkbrukarar i seg sjølv vil tillegje trondheimsmålet ein høgare maktstatus enn dei øvrige regionale måla i Trøndelag. Ut i frå det ho seier er det tydeleg at Anne er klar over denne måten å sjå på språklege varietetar på. Ho gjev mellom anna uttrykk for at ho tykkjer folk frå Trondheim tenkjer mykje betre om seg sjølv, og ho seier til dømes at «/dæm tru dæm æ så vekti/». Her ser vi altså eit relativt prestisjeforhold mellom dei to språklege varietetane, og Anne demonstrerer her godt korleis ein språkbrukar kan tenkjast å legge prestisje og makt til ei bestemt dialekt. Samstundes ser vi og her korleis haldningane ho har til brukarane av den spesifikke språklege varietetten heng saman med haldningane til varietetten sjølv.

5.2.5 Haldning versus handling

Tek vi no utgangspunkt i det Anne seier er det, som tidlegare nemnt, nærliggjande å tru at ho er klar over dette prestisjeforholdet mellom oppdalsmålet og trondheimsmålet, men at ho personleg ikkje er så einig i det. Ho gjev tydeleg uttrykk for at ho prøver å behalde dei tradisjonelle formene i dialekta si, og ho seier ho bruker mykje energi på å variere språket sitt minst mogleg. Legg vi den språklege tilpassingsmodellen til grunn, kan vi og ut i frå det ho sjølv seier i intervjuet, seie at ho divergerer språket sitt for å markere ein sosial avstand til samtalepartneren frå Trondheim. Ut i frå det aleine vil eg kategorisere Anne som det eg kallar ein reaksjonær språkbrukar, i det legg eg at ho aktivt ønsker å stå i mot dei haldningane ho meiner samfunnet rundt ho har, eller kan ha, til hennar eiga dialekt. Anne er heimkjær, glad i

bygda si og føler ei sterk tilknytning til Oppdal og oppdalsmålet. Slik sett passar ho godt inn i det Skjekkeland (2009, s. 65) omtalar som ein «homo domesticus».

Samstundes kan vi godt påstå, med utgangspunkt i det ho legg fram av språkhaldningar, at ho sjølv plasserer oppdalsmålet høgare enn ho plasserer trondheimsmålet på ein slik hierarkimodell eg har nemnt tidlegare i oppgåva. Men det er her viktig å peike på skilnaden mellom dei haldningane ho har, og dei faktiske språklege handlingane ho gjer. Ut i frå analysen av språket til Anne er det tydeleg at ho varierer språket sitt i samtale med ein person frå Trondheim, og at ho har modifisert nokre av dei tradisjonelle språklege variablane, trass i eit sterkt ønske om å halde fast på dei.

Sjølv om vi altså ser ein skilnad mellom oppdalssituasjonen og trondheimssituasjonen, er det ikkje til å stikke under stol at mange av dei språklege variablane til Anne er modifiserte også i oppdalssituasjonen. Her vil det vere relevant gjenta at ho flytta til Trondheim for over fire år sida, ho har altså budd i eit urbant miljø i fleire år. Samstundes er ho student ved eit stort norsk universitet, noko som inneber kontakt med andre menneske frå heile landet, ikkje berre folk frå Trondheim. I og med at vi ut i frå mitt datamateriale ser tydelege teikn til variasjon mellom dei to situasjonane, må vi kunne gå ut i frå at dette er språklege tilpassingar ho gjer kvar dag, og i eit mykje større omfang enn det som kjem fram i analysen i denne oppgåva. Det at ho gjer desse språklege tilpassingane kvar dag, og sannsynlegvis har gjort det i minst over fire år, kan ha ført til at nokre av dei modifiserte variablane har vorte hovudvariantar for ho. Her kan nektingsadverbet igjen trekkast fram som døme på en språkleg variabel som etter år med urbanisering har gjort at ho modifiserer denne variabelen i særskilt høg grad.

5.3 Berit

«dæ ha jo bLitt te at e ha vatna ut me sjøL
i språket utta at e ha tenkt over dæ»


(Berit)

Også informanten *Berit* er tjuetvå år. Ho kjem frå sentrum i Oppdal, altså Auna (sjå kart i vedlegg 5). Berit har budd på same stad i Oppdal heile livet, fram til ho flytta til Trondheim som nittenåring for å studere i 2016, omlag fire og eit halvt år sidan. Ingen av foreldra til Berit kjem frå Oppdal, men dei kjem båe to frå nærliggande bygder og dei har budd i Oppdal i mange år. I Trondheim har Berit sambuar frå Trondheim, og nettverket hennar i Trondheim består av folk frå både Trondheim, Oppdal og resten av landet. Berit trivst godt i Trondheim, men drar til Oppdal tredjekvar helg for å arbeide der.

Berit seier ho blir påverka av andre si dialekt når ho pratar, og at ho har lett for å variere dialekta si når ho pratar med folk frå til dømes Trondheim. Samstundes påstår ho at ho har vorte meir oppteken av si eiga dialekt etter ho flytta til Trondheim, og at dialekt var noko ho ikkje tenkte så mykje over før ho flytta heimanfrå og merka at ho prata annleis enn før. I likskap med Anne opplever Berit det som ein fordel å kunne prate oppdaling med folk frå Trondheim, fordi det blir eit samtaleemne og ein fin måte å bli kjend med folk på. Men i motsetnad til Anne har Berit opplevd at dialekta hennar har endra seg på dei vel fire åra som har gått sidan ho flytta til Trondheim.

5.3.1 Språket til Berit i trondheimssituasjonen

Også hjå Berit ser vi skilnader mellom kva for språktrekk ho varierer og ikkje, men jamt over ser vi ei stor mengd av modifiserte former. Mest framtrødande er det at ho modifiserer 65 % av personleg pronomeren første person eintal, 11 av 17 gonger seier ho /vi/ i staden for det tradisjonelle /åss/, noko




som er ein stor kontrast til Anne, som hadde ikkje modifiserte /åss/ til /vi/ ein einaste gong. Ho modifiserer òg 63 % av formene der vi tradisjonelt hadde funne cirkumflekstønelag, her blir til

dømes /gâng/ modifisert til /gå/ og /enklâr/ kjem til uttrykk som det trondheimsnære /ænkler/ (nynorsk: enklare). Der ho held på den tradisjonelle forma for cirkumflekstonelaget kan /sêst/ (nynorsk: siste) og /b^æst/ (nynorsk: beste) nemnast som døme. Berit modifiserer 58 % av dei samla preposisjonane, men /te/ ser ut til å vere einerådande. Tradisjonsforma /tå/ ser ut til å ha tapt fullstendig til fordel for det modifiserte /av/, og det tradisjonelle /frå/ blir bruka tre gonger mot det modifiserte /fra/ som blir bruka fem gonger. 36 av totalt 41 nektingsadverb er modifiserte i trondheimssituasjonen, og dei fem gongene ho brukar /itt/ er når ho pratar om heimbygda. Igjen vil eg understreke at eg ikkje har rekna med nektingsadverb i emfatisk posisjon. 53 % av palatalane til Berit blir modifiserte, som i /men/ for /mijn/ og /uten/ for /uttja/ (nynorsk: utan) som blir realisert som ein form for talt bokmål. Berit brukar ingen av dei tradisjonelle apokoperte formene i oppdalsmålet, ho seier /kjøre/ for /kj^ør/ og /bukse/ i staden for /buks/. Av 12 realiseringar er berre éi av tradisjonell variant når det gjeld jamning, den eine tradisjonelle varianten ho realiserer er /vårrå/ (nynorsk: vere), men ho seier òg den modifiserte forma /vær/ i løpet av intervjuet. Dei tradisjonelt utjamna formene blir i all hovudsak meir talt-bokmålsnære, som tidlegare nemnt blir /vårrå/, utanom ein gong, realisert som /vær/, /kåmmå/ blir /kåmm/ (nynorsk: kome) og /vukku/ blir realisert som /uke/ (nynorsk: veke). Jamt over modifiserer Berit mykje i Trondheimssituasjonen, av totalt 17 realiseringar modifiserer ho personleg pronomen 1. person fleirtal 11 gonger i trondheimssituasjonen. Samstundes held ho på den tradisjonelle forma for personleg pronomen 1. person eintal, der /e/ er einerådande.

5.3.2 Språket til Berit i oppdalssituasjonen

Vi ser tydelege teikn til ein talemålsvariasjon hjå Berit frå den eine situasjonen til den andre. I trondheimssituasjonen modifiserte ho 65 % av personleg pronomen første person fleirtal, medan vi her i oppdalssituasjonen ser at ho berre modifiserer 7 %, av totalt 29



realiseringar seier ho /vi/ i staden for /åss/ berre to gonger. Personleg pronomen første person eintal er framleis, i likskap med Anne, einerådande tradisjonell variant /e/. Modifiseringa av cirkumflekstonelaget held seg stabilt på 61 %, men de tradisjonelle /enklâr/ (nynorsk: enklare) og /gâng/ (nynorsk: gå) blir her i motsetnad til i trondheimssituasjonen realisert i dei tradisjonelle formene. Ho brukar tradisjonelle realiseringar av preposisjonar 57 % av gongene,

og her er /te/, i likskap som i trondheimssituasjonen, einerådande. /tå/ og /av/ blir bruka 10 gonger kvar, og i /frå/ og /fra/ ser det ut til at /fra/ har ein litt større posisjon, med 15 /fra/ og ni /frå/. Ho bruker den tradisjonelle forma for nektingsadverbet i mykje større grad enn i trondheimssituasjonen, men likevel ser det ut til at dei to formene er likestilte med ein modifieringsprosent på 48 %, ikkje ulikt Anne som i oppdalssituasjonen hadde ein modifieringsprosent på 46 %. Ho held på dei tradisjonelle palataliseringane 57 % av gongene, til dømes blir /uttå/ og /mijjn/, i likskap med trondheimssituasjonen, realisert som /uten/ og /men/, ein meir talt-bokmålsnær variant. Ho held på alle dei tradisjonelle apokoperte formene i oppdalssituasjonen, men modifierer 47 % av dei tradisjonelt utjamna formene. I likskap med trondheimssituasjonen blir også her /vukku/ og /kåmmå/ til /uke/ og /kåmm/ enkelte gonger, men på desse formene varierer ho mellom tradisjonell og modifierert variant. Ho utjamnar mykje meir i oppdalssituasjonen enn ho gjer i trondheimssituasjonen, men dei same orda blir gjennom intervjuet realisert som både tradisjonell og modifierert.

5.3.3 Språket til Berit – samla sett

Reknar vi saman det totale talet belegget ved alle variablar, ser vi at ho i trondheimssituasjonen har ein samla modifieringsprosent på 67 %, medan ho i oppdalssituasjonen modifierer 43 %. Samla sett kan vi sjå at nektingsadverbet hjå Berit i stor grad varierer mellom dei to situasjonane, men at /ikke/ også i oppdalssituasjonen ser ut til å ha fått eit overtak over /iiff/ og vorte ein hovudvariant for ho, òg i trykklett posisjon. Samstundes er det interessant å sjå at preposisjonen /tå/ blir bruka 50 % av gongene i oppdalssituasjonen, medan han blir realisert som /av/ 100 % av gongene i trondheimssituasjonen. I trondheimssituasjonen har Berit berre éitt tilfelle av utjamning når ho seier /vårrå/, elles brukar ho i trondheimssituasjonen konsekvent modifiererte former, i all hovudsak blir dei tradisjonelt utjamna formene realisert som meir talt-bokmålsnære. Mange av dei tradisjonelt cirkumflekterte orda hjå Berit mistar cirkumflekstonelaget i baa situasjonane, men det er ein skilnad mellom dei to situasjonane, og ho varierer òg på same ord innad i oppdalssituasjonen, til dømes seier ho både /gâng/ og /gå/ her. Samstundes blir til dømes /f^ær/ realisert som /fôr/ og /hêm/ realisert som /hem/. Ved eit høve seier ho òg /hjæm/ som er ein meir trondheimsnær variant (nynorsk: heim).

Ikkje overraskande finn vi heller ingen døme på dativ hjå Berit. Samstundes kjem Berit med eit godt døme på at ein språkbrukar ikkje alltid er klar over sin eigen talemålsvariasjon. I oppdalssituasjonen seier ho at «/e si iiff at e gjør nå, e sie jo at e gjær nå/», noko som ikkje er heilt riktig, i og med at ho seier /gjør/ fem av sju gonger i løpet av baa intervju.

Berit er samla sett ein språkbrukar som varierer språket sitt i stor grad mellom trondheimssituasjonen og oppdalsssituasjonen, likevel er det døme på spesifikke trekk ved oppdalsmålet ho held på. Personleg pronomen 1. person eintal er konsekvent det tradisjonelle /e/, og ho modifierer til dømes ikkje ordet /leʌʌ/ til det som er trondheimsekvivalenten /læll/ (nynorsk: likevel). Samstundes blir presensforma av verbet «å vere», i likskap med Anne, utelukkande realisert som den tradisjonelle forma /æ/.

5.3.4 Haldningar til eige språk – Berit

Berit er klar over at dialekta hennar har endra seg sidan ho flytta til Trondheim, og ho seier blant anna at «/viss e bLi mer vatna ut enn dæ e æ no, så messte e liksom litt av me!». Ho knyter altså ein betydeleg del av sin eigen identitet opp mot si eiga dialekt. Berit er stolt av dialekta si, og seier ho set pris på å ha ei dialekt som ikkje så mange andre har. Samstundes har ho sjølv merka at dialekta hennar har forandra seg sidan ho flytta til Trondheim, og ho påstår at ho i den seinare tida har freista å halde meir på dei tradisjonelle formene enn ho gjorde før ho flytta til Trondheim. Som tidlegare nemnt knyter ho ein stor del av identiteten sin opp mot dialekta si, og ho seier ho skulle ønskje ho prata slik som eldre oppdalingar gjer, då ho seier ho tykkjer det er «kulare». Berit seier ho fleire gonger etter at ho flytta til Trondheim har sett seg nøydt til å endre på dialekta si for å gjere seg forstått, og til tider har ho følt ho har fått eit negativt «bygdestempel» på seg på grunn av dialekta si. Derfor seier ho at ho enkelte gonger vel å ikkje bruke nokre av dei tradisjonelle formene eller orda frå oppdalsmålet, og ho nemner ord som /tåLå/ (nynorsk: *snakke*) og /tykkj/ (nynorsk: *tykkje*) som ord ho enkelte gonger vel å modifierere til /snakk/ og /syns/.

Berit er altså inne på temaet språk og identitet. Her kan vi trekke inn termen sosial identitet, altså det at menneske vel å identifisere seg med ei gruppe, og spesielt for Berit sitt vedkommande kan både studiekameratar og lokalsamfunn trekkast inn i grupper ho ønsker å identifisere seg med. Ho gjev uttrykk for eit ønskje om å gli inn i gjengen, og ho seier at nokre gonger har det vore enklare for ho å modifierere språket sitt, slik at det dialekta hennar ikkje blir eit samtaleemne. Ho seier ho har opplevd situasjonar der folk har spurt om ho har «greie på bymote», altså om klede, sida ho kjem frå ei bygd og pratar slik ho gjer. Da har det vore enklare for ho å gøyme bort dei trekka ho sjølv meiner er mest karakteristiske for dialekta si, slik at ho kan gli litt lettare inn i mengda. Samstundes er ikkje dette eit svart-kvitt bilete på situasjonen til Berit. Som tidlegare nemnt er ho stolt av dialekta si, og ho ønsker å ta vare på ho. Berit seier det er ei tid for alt, og at ho enkelte gongar pratar slik det fell ho naturleg, altså oppdalsmål. Samstundes seier ho at fordi ho har veksla dialekta si på den måten ho har gjort etter ho flytta

til Trondheim, har enkelte trekk ho før brukte forsvunne frå målet hennar. Ho har vanskeleg for å seie spesifikt kva for trekk det er, men ho seier ho har vorte «generelt finare» i målet, og på spørsmål om kva ho legg i omgrepet finare seier ho at det har vorte meir likt slikt ei snakkar i Trondheim. Ho har òg fått kommentarar på dette heime seier ho, og ho fortel at det er flaut når familie og vener påpeiker at ho har mista delar av dialekta si. Ho seier ho føler at ho svik heimbygda si når ho får slike kommentarar, som igjen viser kor stor del av identiteten hennar oppdalsmålet faktisk er for ho.

I likskap med Anne kan vi her sjå ein tendens til at språket til Berit kanskje blir meir varig endra over tid. Etter fire år i Trondheim har ho vore igjennom ein stor urbaniseringsprosess som utvilsamt har satt sine spor i språket hennar. Berit er i tillegg open om at ho ofte vel å konvergere språket sitt, og det at ho stadig vel å tilpasse språket sitt til det ho sjølv kallar for «finare språk», kan lett ha gjort at nokre av dei tidlegare tradisjonelle variantane har i hovudsak vorte modifiserte variantar, òg når ho pratar med personar frå Oppdal. I kapittelet om Anne kategoriserte eg ho som det Skjekkeland (2009, s. 65) kallar ein «homo domesticus». Eg vil ikkje gå så langt som å kategorisere Berit som ein «homo dynamicus», den motsette av Skjekkeland sine sosiolingvistiske personlegdomstypar, Berit er òg ein homo domesticus. Ho er glad i heimbygda si og stolt av dialekta si, men samstundes kan det vere nærliggjande å seie at ho har gjort seg nokre tankar rundt dette med språk, makt og prestisje, og at ho sjølv kjenner på at trondheimsmålet tronar øvst på den regionale hierarkimodellen eg har omtalt tidlegare.

5.4 Skilnadar og likskaper mellom Anne og Berit

Både Anne og Berit er opptekne av å ta vare på dialekta si, og bae to seier dei gjer det dei kan for å halde på ho. Bae seier dei at dialektbruken deira fungerer som ein identitetsmarkør, men ein påfallande skilnad er at Anne seier ho konsekvent pratar så «breitt» ho klarer og er stolt over dialekta si, medan Berit seier ho fleire gonger bevisst har variert språket sitt til eit litt meir trondheimsnært mål for ikkje å få eit bygdestempel på seg. På bakgrunn av det kan vi seie at Anne er ein språkbrukar som ønsker å divergere språket sitt for å markere ein avstand til samtalepartneren, medan Berit heller vel å konvergere språket for å nedtone den sosiale avstanden med samtalepartneren. Berit seier ho gjer dette for å unngå å få eit «bygdestempel» på seg, og sjølv om ho ikkje seier det eksplisitt, er det ikkje unaturleg å tenkje seg at Anne er meir stolt over dette bygdestemplet enn det Berit er, og at Anne tek det som eit kompliment medan det er veldig tydeleg at Berit ikkje gjer det.

Sjølv om det er ein viss skilnad mellom variasjonsmønstra til Anne og Berit, ser vi likevel enkelte likskapar mellom dei. I trondheimssituasjonen hadde Anne ein

modifiseringsprosent på 61 %, medan Berit hadde ein modifiseringsprosent på 67 %. I oppdals situasjonen har modifiseringsprosenten til både to falt betrakteleg, med Anne som modifiserer 42 % og Berit som modifiserer 43 %. Sjølv om vi relativt sett framleis ser ein ganske stor modifiseringsprosent hjå både to her, er skilnaden mellom situasjonane så store at vi med sikkerheit kan seie at det skjer ei språkleg variering mellom dei to samtalane. I realiteten er uansett Anne og Berit ganske like i korleis dei varierer målet sitt, men dei har to forskjellige utgangspunkt til kvifor dei gjer det. Berit er tydeleg på at varieringa i språket hennar er noko ho er klar over, og til ein viss grad òg har vore ei medviten handling. Anne på si side seier ho arbeider hardt for å halde fram og prate tradisjonelt oppdalsmål, men likevel ser ein at språket hennar er variert når ho pratar med ein trondheimar kontra når ho pratar med ein oppdaling.

I dette kapittelet er det igjen føremålstenleg å trekkje fram den regionale hierarkimodellen over språkleg makt og prestisje som eg har nemnt tidlegare i oppgåva. For medan Anne kan tenkjast å plassere oppdalsmålet høgt oppe i denne pyramiden, er det ganske tydeleg at Berit ser på trondheimsmålet som å ha mest makt og prestisje i Trøndelag. Både to kjem dei med haldningar til det dei sjølv omtalar som «byfolk», altså folk frå Trondheim. Både to gjer det tydeleg at dei meiner folk frå Trondheim ser på seg sjølv som betre enn folk frå andre plassar i Trøndelag, men ut i frå dei haldningane Anne og Berit sjølv presenterer, kan det vere naturleg å tru at Berit i større grad er einig i dette, medan Anne er tydeleg på at folk frå Trondheim ikkje er betre enn andre menneske, snarare kanskje tvert i mot ifølgje ho. Her kunne eg igjen kunne lagt til grunne at desse haldningane påverka språket deira, men som tidlegare nemnt er Anne og Berit ganske like språkbrukarar. Sjølv om det er ein viss skilnad mellom kva for språklege variablar dei modifiserer eller ikkje, har dei som nemnt ein samla modifiseringsprosent som er ganske lik kvarandre.

I utgangspunktet er det ikkje så overraskande at Anne og Berit kjem så språkleg likt ut som dei gjer i datamaterialet mitt. Både to har vore gjennom ein stor urbaniseringsprosess gjennom å flytte frå ei bygd til ein by, både to har budd i Trondheim i like lang tid, både to er studentar, og både to har sambuarar som kjem frå Trondheim. Likskapen mellom dei to er altså ganske stor, sjølv om ein ikkje har med språk inn i biletet. At desse to språkbrukarane i realiteten varierer språket sitt ganske likt vil eg seie er meir naturleg enn det er overraskande. Det som er av meir interessant art er haldningane dei har til eigen språkbruk. Satt på spissen kan ein seie at Anne er stolt over eigen språkbruk, medan Berit til tider kan tolkast som å vere nesten flau over sin, sjølv om ho ikkje seier det eksplisitt ut.

5.5 Språkleg tilpassing over tid

Som tidlegare nemnt, står den språklege tilpassingsteorien sentralt i diskusjonen om kva som forklarar talemålsvariasjonen til Anne og Berit. Ut i frå analysen ovani ser vi at båe to til dels konvergerer språket sitt i ei meir trondheimsnær retning i trondheimssituasjonen, men nokre av dei språklege realiseringane blir òg realisert som meir standardnært, det eg i oppgåva hovudsakleg har valt å kalle bokmålsnært. Her finn eg det viktig å peike på at det ikkje alltid er like lett å vite kva som er trondheimsnært og kva som er bokmålsnært. Det er fordi nokre gonger er desse formene anten identiske eller tilnærma identiske med kvarandre, noko som i praksis gjer det umogleg for meg å seie om desse formene kjem frå standardtalemålet ein kan finne på det sentrale Austlandet, eller om dei kjem frå trondheimsmålet, noko Mæhlum og Røyneland (2012, s. 137-138) og peikar på. Eit viktig aspekt å trekkje fram her er at Anne og Berit er studentar, noko som ikkje berre inneber språkleg kontakt mellom oppdalsmålet deira og trondheimsmålet til trondheimsfolk, men ein språkleg kontakt som går på tvers av det norske dialektlandskapet. Språkleg tilpassing er noko alle språkbrukarar gjer, anten medviten eller umedviten, og Anne og Berit har utan tvil tilpassa språket sitt i møte med andre studentar frå til dømes Austlandet.

I kapittel 5.2.5 skreiv eg om korleis nokre av dei tradisjonelle variablane vart modifiserte hjå Anne, både i trondheimssituasjonen og i oppdalssituasjonen. Dette fenomenet er også i aller høgste grad gjeldande for Berit, igjen ser vi likskapar mellom kva for språklege handlingar dei føretek seg. Eit sentralt spørsmål vil her vere kva grunnen er for at dei modifiserer språket sitt i den grad dei gjer. Å flytte frå ei bygd til ein by er ein stor overgang for dei aller fleste, og den urbaniseringsprosessen Anne og Berit har vore igjennom er utvilsamt ein stor medverkande grunn til at dei har modifisert språket sitt slik dei har. Som eg har vore inne på tidlegare, så er ikkje språkleg tilpassing noko som berre skjer her og no. Eg vil argumentere for at den daglege språklege tilpassinga Anne og Berit gjer i samtale med andre språkbrukarar over tid har gjort at språket deira har vorte meir modifisert enn det var tidlegare, i alle fall om ein skal ta utgangspunkt i dei språklege variablane eg har analysert i denne oppgåva. Her må eg understrekkje at eg ikkje har noko empiriske data som gjev oss svar på korleis Anne og Berit prata før dei flytta til Trondheim, men det er ikkje vanskeleg å sjå for seg at ei kontinuerleg språkleg tilpassing har gjort at nokre av dei modifiserte variantane dei kanskje ikkje nytta før har vorte likestilte variantar, eller til og med hovudvariantar, for dei no. Dette viser seg særleg godt i realiseringa av nektingsadverb, der båe to i begge situasjonane brukar *ikke* både i trykktung og trykklett staving.

For å oppsummere dette delkapittelet så vil ein av hovudkonklusjonane for heile oppgåva vere at mykje av grunnen til den språklege variasjonen vi ser kan knytast opp mot den språklege tilpassingsteorien. Den teorien, som vart gjort greie for i delkapittel 4.2, kan seiast å vere eit premiss for denne oppgåva si problemformulering. Ut i frå den språklege tilpassingsteorien så veit vi at språkbrukarar tilpassar språket sitt avhengig av kven dei pratar med og kven dei vil bli oppfatta som. Samtidig kan ein her trekke inn at både Anne og Berit seier det er trøttande korleis enkelte trondheimsfolk ikkje heile tida forstår, eller vil forstå, kva dei seier, og at dei tilpassar språket sitt for å unngå å gjentake seg sjølv. Når dette skjer, truleg nesten kvar dag, over år, vil mange av dei språklege modifiseringane til slutt kunne ende opp som ein hovudvariant. Vi veit heller ikkje akkurat korleis Anne og Berit prata for fire år sida da dei akkurat hadde flytta til Trondheim, men det er ikkje vanskeleg å sjå for seg at modifiseringsprosentane deira hadde vore på eit lågare nivå da enn dei er no. Det er mange forskjellige prosessar som spelar inn på dei språklege realiseringane til ein språkbrukar. Vi veit, på eit meir generelt grunnlag, at språket i byane påverkar språket i dei nærliggjande tettstadane, men det er framleis ein enorm skilnad mellom oppdalsmålet og trondheimsmålet. Her kan eg enda ein gong trekkje fram Anne og Berit sin bruk av det modifiserte nektingsadverbet. Vi veit at bruken av */ikke/* spreier seg i byene, òg i Trondheim der */itt/* før var tradisjonell variant. Eit spørsmål ein her kan stille seg er om dette er eit døme på ein regionaliseringsprosess, der Trondheim blir påverka ovanifrå av standardtalemålet (det bokmålsnære austlandske talemålet) før Trondheim igjen påverkar nedover på prestisjeskalaen til unge oppdalingar før dei rekk å flytte til Trondheim.

6 Oppsummering og avrunding

I denne oppgåva har eg undersøkt talemålet til to personar som har flytta frå Oppdal for å ta høgare utdanning i Trondheim, samt at eg har undersøkt kva for haldningar dei har til sin eigen språkbruk. I dette kapittelet skal eg samanfatte funna eg har gjort i analysen og kome med eit svar på problemformuleringa eg har valt for oppgåva.

I analysedelen av denne oppgåva har eg bruka språklege variablar for å kunne talfeste den intraindividuelle variasjonen til mine informantar, Anne og Berit. Dei vart først intervjuet av ein person frå Trondheim, før dei vart intervjuet av meg frå Oppdal. Det er variasjonen mellom desse to intervjuet eg har analysert i denne oppgåva. Eg har sett på eit utval av variablar eg meiner var relevante for å kunne peike på denne språklege variasjonen, men det er viktig å understreke at dette er eit avgrensa utval variablar, noko som gjer at vi ikkje har det fulle og heile biletet av den språklege situasjonen til informantane. Ut i frå analysen er det tydeleg at talemålet til Anne og Berit blir variert i møte med det trondheimske, men det som var uventa var at det òg i oppdals situasjonen var ein god del modifiserte variantar hjå båe informantane. Det kan vere fleire årsaker til det, men eg vel i denne oppgåva å peike på at ei kontinuerleg språkleg tilpassing over tid, her ein form for konvergering, har gjort at nokre av dei tradisjonelle variantane i talemålet til mine informantar har vike til fordel for dei meir modifiserte variantane. Her vil eg gjentake enda ein gong at vi ikkje har tal på i kor stor grad Anne og Berit modifiserte språket sitt før dei flytta til Trondheim. Samstundes er det viktig å ha med i oppsummeringa at enkelte av dei språklege variablane ikkje blir modifisert i det heile tatt, eller blir det i særdeles liten grad. Personleg pronomeren første person eintal, /e/, held seg stabil i tradisjonell form hjå både Anne og Berit i båe intervjuet, det same gjer den tradisjonelle realiseringa av presensforma til verbet «å vere», altså /æ/.

Forutan å sjå på den faktiske endringa i språket til Anne og Berit, har eg og sett på kva for haldningar dei har til si eiga dialekt. Båe to er to språkbrukarar som har gjort seg opp fleire meiningar om sin eigen og andre sin språkbruk, og i intervjuet var det tydeleg at dei hadde reflektert over temaet dialekt og identitet før. Båe to meiner at oppdalsmålet er ein sær viktig del av identiteten deira, og både Anne og Berit gav uttrykk for at dei er stolte over å prate oppdalsmål, sida det er ei dialekt få andre i Noreg har. Det var på den andre sida her Anne og Berit var mest ulike kvarandre. Anne på si side seier rett ut at ho ofte forsøker å prate «breiare» dialekt enn det som fell ho naturleg, altså divergerer ho språket sitt for å markere eit standpunkt. Samstundes seier ho at ho er stolt over å ha eit bygdestempel på seg. Berit på si side innrømmer at ho tidvis medviten varierer språket i ei meir modifisert, trondheimsnær retning for å unngå eit bygdestempel ho ser på som negativt. Altså seier ho at ho konvergerer språket for å gjere

dei sosiale skilnadane til samtalepartneren mindre. Kva som er den underliggjande grunnen til at dei har fråvikande haldningar til dette er ikkje godt å seie ut i frå mine funn. Anne og Berit er to forskjellige menneske, og medan Anne er oppvaksen på ein gard i eit utkantstrøk er Berit oppvaksen i handels- og administrasjonssenteret i Oppdal. Det kan vere ei av forklaringane til at dei har så forskjellige tankar om kva dette såkalla bygdestempelet betyr eller ikkje, Berit er tross alt oppvaksen i eit litt meir urbanisert miljø enn Anne, og den forskjellige oppveksten dei har hatt kan vere medverkande til at dei gjer seg opp så forskjellige meiningar kring dette.

Trass i at vi i oppgåva har sett at Anne og Berit seier to ganske forskjellige ting om dei språkhandlingane dei føretek seg og kor dei plasserer oppdalsmålet på ein regional hierarkimodell, så er dei ikkje så ulike reint språkleg sett. Trass i enkelte skilnadar på nokre variablar, har bae to ein førehaldsvis lik samla modifieringsprosent i både trondheimssituasjonen og oppdalssituasjonen, noko som kan tyde på at handling og haldning ikkje nødvendigvis heng i hop her, i og med at Anne er ganske tydeleg på at ho gjer sitt beste for ikkje å variere språket sitt. Berit er på den andre sida mykje meir klar over sin egen modifiering, og som nemnt i kapittel 5.3.4 seier ho at «*/viss e bLi mer vatna ut enn dæ e æ no, så messte e liksom litt av me/*». Eit godt døme på at ho knyt ein del av sin eigen identitet opp mot dialektbruken sin, samstundes som det òg er eit godt døme på at ho er klar over sin eigen språklege variasjon.

No som eg har oppsummert og samanfatta innhaldet oppgåva ser eg det som føremålstenleg å gjentaka problemformuleringa eg har valt:

Kva for haldningar har studentar frå Oppdal i Trondheim til sin eigen dialektbruk, og korleis blir talemålet deira variert i ei samtale med ein trondheimar og ein oppdaling?

Ut i frå mitt datamateriale er det tydeleg at studentar frå Oppdal i Trondheim har klare haldningar til sin eigen dialektbruk, og bae mine informantar er stolte over å kome frå Oppdal og prate oppdalsmål. Både Anne og Berit seier at dialekta er ein viktig del av identiteten deira som dei helst ønsker å behalde. Samstundes er dei bae to klare over at oppdalsmålet ikkje troner øvst på verken den regionale hierarkimodellen eller den nasjonale hierarkimodellen, noko som tek oss med over på den andre delen av problemstillinga. For sjølv om dei bae to er glade i og stolte av si eiga dialekt, er det tydeleg at i møte med det trondheimske så taper fleire av dei tradisjonelle formene terreng for dei meir modifiererte formene, det vere seg meir trondheimsnære former eller meir bokmålsnære former. I denne oppgåva har vi sett at språklege variablar som cirkumflekstanelag, utjamning, preposisjonar og nektingsadverbet mistar mykje

av terrenget sitt i møte med det trondheimske, samtidig som til dømes personleg pronomeren første person eintal, /e/, held seg fast i tradisjonell form.

Talemålet til Anne og Berit varierer jamt over i stor grad mellom trondheimssituasjonen og oppdalssituasjonen, noko som kan vere teikn på at det relative prestisjeforholdet mellom dei språklege varietetane trondheimsmål og oppdalsmål påverkar talemålet til oppdalingar i Trondheim. Samstundes kan vi heller ikkje sjå bort i frå at Anne og Berit kan vere brikker i ein større regionaliseringsprosess, der trondheimsmålet først blir påverka frå standardtalemålet, for så at trondheimsmålet påverkar oppdalsmålet. Det vil i så fall vere eit spørsmål for vidare forskning, korleis regionaliseringsprosessen påverkar oppdalsmålet.

På bakgrunn av dette vil eg runde av denne oppgåva med å konkludere med at mine informantar, i mangel av eit betre uttrykk, havnar litt mellom barken og veden. På den eine sida vil dei vere lojale og trufaste mot si eiga heimbygd og bevare mest mogleg av sin eigen opphavlege talemålsvarietet, både Anne og Berit er tydelege på at dei ønsker dette, ikkje minst fordi dialekta deira er ein så viktig del av identiteten deira. Samstundes, på den andre sida, er dei i eit stort, urbant miljø som står i skarp kontrast til det mindre, rurale miljøet dei kjem frå, noko som kanskje kan forsterke kjensla av at talemålsvarieteten deira ikkje er så prestisjefull som ein annan. Den språklege tilpassinga dei har gjort som eit resultat av å vere i dette nye urbane miljøet kan i seg sjølv har ført til at modifiserte variantar har vorte meir faste variantar i målet til informantane, utan at det har vore medviten handling. Berit innrømmer sjølv at det har skjedd i språket hennar, og eg vel difor å runde av oppgåva med eit sitat frå Berit som godt illustrerer kor viktig dialekta er for identitetskjenning hennar. På spørsmål om korleis det kjennast for ho når folk heimanfrå i Oppdal kommenterer på at ho har modifisert dialekta si etter at ho flytta til Trondheim sa ho: «/dæ æ litt fLaut når folk sie e ha lagt om/».

Litteratur

- Akselberg, Gunnstein & Mæhlum, Brit. (2008). Sosiolingvistisk metode. I Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røynealand & Helge Sandøy (Red.), *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk* (2. utg., s. 73-87). Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Anshushaug, Trude. (2015). "Dæ æ mange ungdomma som tållå klår oppdaleng ja, minj dæ æ mange som itj gjærre dæ au" - En sosiolingvistisk studie av samspillet mellom det tradisjonelle og det moderne i oppdalsmålet (Masteroppgave). Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.
- Donali, Ingeborg. (2007). *Oppdaling. Ord og uttrykk* (2. utg.). Oppdal: Mediehuset OPP.
- Fagerhaug, Tore, Haugland, Kjell & Fjøsne, Erik E. (1983). *Slik var det - bildealbum frå Oppdal*. Oppdal: Oppdal Historielag.
- Fjøsne, Eldfrid Haaker. (2007). *Dativ i oppdalsmålet. En syntaktisk analyse*. (Masteroppgave). Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.
- Grønmo, Sigurd. (1996). Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnærminger i samfunnsforskningen. I Harriet Holter & Ragnvald Kalleberg (Red.), *Kvalitative metoder i samfunnsforskningen* (2. utg., s. 73-108). Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugen, Einar. (1954). Tvetoppet vokal i oppdalsmålet. I *Maal og minne* (s. 66-78). Oslo: Bymålslagets Forlag.
- Haugen, Einar. (1982). *Oppdalsmålet: innføring i et sørtrøndsk fjellbygdsmål*. Oslo: Tanum-Norli.
- Hårstad, Stian. (2004). "Ikke så typisk trøndersk": en sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i Oppdal (Hovedoppgave). Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.
- Hårstad, Stian. (2006). Oppdalsmålet - i nåtid og framtid. *Bøgda Vår, 2006*, 45-53.
- Hårstad, Stian. (2010). *Unge språkbrukere i gammel by: en sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i Trondheim* (Doktorgradsavhandling). Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.
- Hårstad, Stian, Lohndal, Terje & Mæhlum, Brit. (2017). *Innganger til språkvitenskap. Teori, metode og faghistorie*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Hårstad, Stian, Mæhlum, Brit & Ommeren, Rikke van. (2021). *Blikk for språk: Sosiokulturelle perspektiver på norsk språkvirkelighet*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Mæhlum, Brit. (2007). *Konfrontasjoner: Når språk møtes*. Oslo: Novus forlag.
- Mæhlum, Brit. (2008). Språk og identitet. I Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røynealand & Helge Sandøy (Red.), *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk* (2. utg., s. 105-126). Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

- Mæhlum, Brit & Røyneland, Unn. (2012). *Det norske dialektlandskapet: Innføring i studiet av dialekter*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Ommeren, Rikke van. (2010). *"Ja, jæi la an på å tåå oppdaling, ja" : en sosiolingvistiske studie av språklige praksisformer blant voksne innvandrere i Oppdal* (Masteroppgave). Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.
- Skjekkeland, Martin. (2005). *Dialektar i Noreg. Tradisjon og fornying*. Oslo: Høyskoleforlaget.
- Skjekkeland, Martin. (2009). *Språk og samfunn i endring: Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Oslo: Novus Forlag.
- Swann, Joan, Deumert, Ana, Lillis, Theresa & Mesthrie, Rajend. (2004). *A Dictionary of Sociolinguistics*. Tuscaloosa, Ala: The University of Alabama Press.
- Tjora, Aksel. (2012). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (1. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Vedlegg

Vedlegg 1: Informasjonsskriv til informantar

Prosjekt: Forskjell mellom bygd og by fra ståstedet til studenter fra Oppdal i Trondheim, ved Knut Røe

Formål med studien

Denne studien er en del av masterprogrammet i lektorutdanningen i nordisk, ved institutt for språk og litteratur ved NTNU.

Formålet med studien er å se dypere på forskjellen mellom bygd og by fra et språklig standpunkt. I den forbindelse vil studenter, som er oppvokst i Oppdal Kommune, men har flytta til Trondheim Kommune for å studere, bli intervjuet i to omganger.

Denne studien er et eksperiment, du vil derfor få vite det fulle formålet med studien så snart datainnsamlinga er ferdig. Du vil selvsagt ha mulighet til å trekke deg fra studien etter datainnsamlinga om du måtte ønske det.

Hva innebærer det å delta i studien?

Deltakelse i dette prosjektet innebærer to intervju á ca. 30-45 minutter. Spørsmålene jeg stiller vil handle om hvilke holdninger informantene har til «byen», hvilke holdninger de, som innflyttere fra bygda, har møtt, og hvordan språk og språkholdninger blir møtt/endret. Intervjuet vil bli tatt opp ved bruk av mobiltelefon, men vil ikke bli delt med utenforstående. Etter prosjektets slutt vil alt datamateriale som omhandler deg bli sletta.

Personopplysninger

Personopplysningene om deg vil i dette prosjektet behandles konfidensielt, og det er kun jeg som har tilgang til lydopptaket. Jeg vil anonymisere navnet ditt og eventuelle andre identifiserende opplysninger, slik at du ikke kan gjenkjennes i oppgaven/publikasjoner. Prosjektet skal etter planen avsluttes i mai 2021, og da vil lydopptak og personopplysninger være slettet.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke personopplysninger som er registrert om deg,
- å få rettet personopplysninger om deg,
- få slettet personopplysninger om deg,
- få utlevert en kopi av dine personopplysninger (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet, og jeg behandler opplysninger om deg basert på ditt samtykke. Hvis du velger å delta, kan du når som helst velge å trekke samtykket tilbake uten å oppgi noen grunn. Alle opplysninger om deg vil da bli anonymisert. Om du har noen spørsmål, kan du ta kontakt med meg eller min veileder ved institutt for språk og litteratur, NTNU, Brit Mæhlum.

Vedlegg 2: Samtykkeerklæring

Samtykkeerklæring

Forskjell mellom bygd og by fra ståstedet til studenter fra Oppdal i Trondheim:

Knut Røe

Jeg har mottatt og forstått informasjonen om prosjektet og samtykker i å delta i studien.

Jeg samtykker i at mine personopplysninger behandles fram til prosjektets slutt i mai 2021.

(Signert av prosjektdeltaker, sted og dato)

Vedlegg 3: Intervjugaid – trondheimssituasjonen

Innleiande spørsmål:

- 1) Kor gamal er du?
 - 2) Kor i Oppdal kjem du frå?
 - 3) Er foreldra dine frå Oppdal – bur dei framleis der?
 - 4) Kor lenge har du budd i Trondheim og kvifor flytta du hit?
-
- 5) Har du budd i Oppdal heile livet før du flytta til Trondheim, eller har du budd andre stadar før du kom hit?
 - 6) Har du kontakt med mange oppdalingar i Trondheim?
 - 7) Er det viktig for deg å halde kontakten med folk heimanfrå?
 - 8) Er det, etter di meining, stor skilnad på livet i Oppdal og livet i Trondheim? Kva er dei største forskjellane?
 - 9) Er du ofte heime? Har du ofte heimlengsel?
 - 10) Korleis var overgangen med å flytte til byen for deg? Stor/liten? Kva var det største «sjokket» med å flytte til ein by?
 - 11) Tykkjer du det er lett å kome i kontakt med folk frå Trondheim?
 - 12) Kor kjem dei fleste av venane dine frå? Trondheim, Oppdal, eller andre stader? Kvar er eventuell kjærast/sambuar frå?
 - 13) Tykkjer du det er stor forskjell mellom folk frå Oppdal og folk frå Trondheim? Kva er eventuelt dei store forskjellane?
 - 14) Har du nokre gonger opplevd det som vanskeleg å kome frå Oppdal/bygda? Eventuelt kva/kvifor?
 - 15) Vil du sjølv seie at du er eit bymenneske eller eit bygdemenneske?
 - 16) Har du nokon gong fått reaksjonar, kommentarar eller liknande frå trondheimsfolk på at du er oppdaling? Både positive og negative.
 - 17) Kven vil du seie den «stereotypiske» oppdalingen er? Korleis trur du folk frå Trondheim vil svara på same spørsmålet?
 - 18) Kva for fordelar og ulemper er det ved å bu i Trondheim kontra Oppdal?
 - 19) Har du lyst til å flytte heimatt ein gong?
 - 20) Kva tykkjer du om folk frå Trondheim?

Vedlegg 4: Intervjugaid – oppdalssituasjonen

Innleiande spørsmål:

- 1) Kor gamal er du?
- 2) Kor i Oppdal kjem du frå?
- 3) Kor lenge har du budd i Trondheim? Trivst du i Trondheim?
- 4) Har du merka at du pratar annleis no enn då du flytta til Trondheim?


Talemål:

- 1) Kven av foreldra dine snakkar du mest likt? Mor/far/begge?
- 2) I samtale med folk frå Trondheim, har du nokon gong opplevd det som ei ulempe å snakke oppdaling?
- 3) Er det situasjonar der du bevist «legg om» dialekta di?
- 4) Trur du at dialektbruken din hindrar, eller kan hindre, effektiv kommunikasjon?
- 5) Har folk frå Trondheim vanskeleg for å forstå dialekta di?
- 6) Merkar du forskjell på dialekta di når du pratar med nokon frå Trondheim kontra når du pratar med nokon frå Oppdal?
- 7) Har du fått spesielle kommentarar eller reaksjonar frå trondheimsfolk på dialekta di?
- 8) Er det viktig for deg. Halde på dialekta di, eller tenkjer du ikkje særleg på det? Har du vorte meir bevist på det etter at du flytta til Trondheim?
- 9) Er det spesielle trekk (ord, lydar, etc.) ved dialekta di som du vil klassifisere som spesielt «breie»?
- 10) Brukar du eventuelt desse trekka, eller har du lagt dei av deg? Legg du dei frå deg i spesielle situasjonar, evt. Kva for situasjonar?
- 11) Trur du sjølv at du har lagt om dialekta di etter at du flytta til Trondheim?
- 12) Har du fått kommentarar frå nokon heime på at du har lagt om dialekta?
- 13) Trur du mange oppdalingar legg om dialekta si?
- 14) Kjenner du nokon frå Oppdal som har lagt heilt om? – kvifor trur du dei har gjort det?
- 15) Er det mogleg å bu i Trondheim over lengre tid og ikkje leggje om dialekta si?
- 16) Kva ville det betydd for deg personleg om du hadde lagt heilt om på dialekta di?
- 17) Har du opplevd negative reaksjonar frå trondheimsfolk på dialekta di?
- 18) Har du opplevd at folk frå Trondheim har prøvd å etterlikne dialekta di? Korleis har dei gjort det? Korleis har du reagert på det? Har det vore ei negativ/positiv etterlikning trur du?
- 19) Pratar du annleis når du er heime i Oppdal kontra når du er i Trondheim?
- 20) Vil du seie at dialekta di er ein viktig del av kven du er? På kva måte?

Skriftspråk:

- 1) Korleis skriv du når du t.d. skal skrive ei tekstmelding? Skriv du på dialekt, eller BM/NN? Varierer du? Kvifor?

Vedlegg 5: Kart over Oppdal kommune



Kjelde: <https://kommunekart.com/klient/oppdal/>

Vedlegg 6: Profesjonsrelevans

I og med at denne masteroppgåva er tilknytt i lektorutdanninga ved NTNU, er det viktig å sjå på korleis ho er relevant for mi framtid i lektoryrket. Det er fleire aspekt frå arbeidet med denne oppgåva som er relevante for mitt framtidige lektoryrke, men eg skal her nemne tre eg særleg kjem til å ta vidare med meg inn i klasserommet.

Det første aspektet eg vil trekkje fram er min entusiasme og interesse for det norske språket og våre dialekter. Eg meiner at ein engasjert lærar har mykje større sjanse for å få engasjerte elevar, noko som er viktig for elevane sitt læringsutbytte i norskfaget, og alle andre fag. Kunnskap om språk, språkutvikling og dialekter kan vi knytte opp mot fleire av kompetansemåla i læreplanen, og her vil mitt læringsutbytte får masteroppgåva mi vere av sentral betyding for korleis eg legg opp undervisninga og engasjerer elevane mine. Sjølv om mi masteroppgåve går i førehaldsvis meir detaljnivå enn det læreplanmåla gjer, vil oppgåva likevel vere relevant for dette arbeidet.

Det andre aspektet der denne oppgåva vil vere relevant for mitt lektorvirke er møte med fleirkulturelle elevar. Kunnskapen om forholdet språk og identitet, som eg har opparbeida meg i arbeidet med denne oppgåva, vil vere nyttig for meg i norskopplæring for fleirspråklege elevar. Samstundes vil mine kunnskapar om dei norske dialektene vere viktig for dei, da mange immigrantar nok synest det er vanskeleg å forstå alle dei forskjellige dialektene her til lands. Ein norsk lærar med slik kunnskap og entusiasme vil vere avgjerande for at dei skal kunne opparbeide seg kunnskapar om det norske dialektlandskapet.

Det tredje, og siste, aspektet eg vel å trekkje fram er sjølve skriveprosessen eg no har vore igjennom. Det å skrive ei masteroppgåve har gitt meg ei uvurderleg erfaring om kva det faktisk inneber å gjennomføre eit stort skriveprosjekt, og om skriveprosessen som heilskap. Kunnskapen eg har opparbeida meg om skriving og vurdering av eigen tekst med påfølgjande revidering av eigen tekst, vil etter mi meining vere det mest relevante med masteroppgåva mi. At elevane mine opparbeider seg gode kunnskapar og vanar i skrivinga er noko eg vil vere til stor hjelp med, da eg sjølv har gjennomgått eit stort arbeid, og veit kva det vil seie å arbeide med ein tekst over lengre tid.

